



**Æresretten. Orsaking til Olav Sletto frå Den norske  
Forfatterforening.** Eva Almhjell

**Han hylla livet, men femna det ikkje.  
Olav og Karin Sletto – glimt frå liv og diktning.**  
Eva Almhjell

**«Sjæli er alt for meg». Sletto-liv sett uttate.**  
Intervju med Olav Sletto i «Den 17de Mai» 9.8.1922  
Ingvald Skjelderup

**Per i Hol og Erling i Gol – stølsminner.**  
Erling Lae, hyttehalling, Golsfjellet.

**«Bondens sjælsliv»**  
Olav Slettos tale på Geilo 1921  
mm.

**ÅRSHEFTE 2019  
OLAV SLETTO-SELSKAPET**

ISBN 978-82-996480-4-2

Framsdebilde: Edvard Munch «Hode ved hode». Det tilhører Pål G. Gundersen, Vestlia Resort, som har gitt tillatelse til å nytte det i Olav Sletto-selskapets Årshefte 2019. Det same gjeld maleriet «Morgen» av Kai Fjell. Olav Sletto-selskapet takkar.

Copyright: Olav Sletto-selskapet

# Årshefte 2019

## Innhald

Forord	s. 4
Æresretten. Orsaking til Olav Sletto frå Den norske Forfatterforening. Eva Almhjell, leiar, Olav Sletto-selskapet.	s. 5
Han hylla livet, men femna det ikkje. Olav og Karin Sletto – glimt frå liv og diktning. Eva Almhjell, leiar, Olav Sletto-selskapet.	s. 8
«Sjæli er alt for meg». Sletto-liv sett uttate. Intervju med Olav Sletto i «Den 17de Mai» 9.8.1922 Ingvald Skjelderup	s. 30
Per i Hol og Erling i Gol – stølsminner. Erling Lae, hyttehalling, Golsfjellet.	s. 33
«Bondens sjælsliv». Olav Slettos tale på Geilo 1921	s. 40
Nye funn om Jenny Bertine Andersdatter Sletto.	s. 48
Prosjekt «Digitalisering av Olav Sletto-arkivet» vart avslutta 2018. Eva Almhjell, leiar, Olav Sletto-selskapet.	s. 49
Dette er Olav Sletto-selskapet	s. 51
Årsplan 2019	s. 51

## Forord

Hovudartikkelen i Årshefte 2019 er ei kompaktbiografisk fortelling om Olav Slettos liv og dikting. Den er skriven av Eva Almhjell, som med dette takkar for seg etter åtte år i styret i Olav Sletto-selskapet – dei sju siste som leiar. Det har vore utruleg spennande og lærerike år, i møte med ein forfattar som har ein heilt annan ståstad enn min, og som representerer eit kvinnesyn som tidvis har vore som eit gufs frå ei fortid eg som kvinneaktivist har vore med å kjempe for å endre – med hell. Sjølv om det er langt att.

Under mine år som leiar er det kvinnene i Olav Slettos liv og dikting eg har sett søkelyset på. Det har eg hatt støtte for frå årsmøter og dei fleste i styra gjennom sju år. Også fleirtalet av dei ti etterkomarane etter Olav Sletto har gitt støtte til vårt arbeid. Det takkar eg for. Utan denne støtta vore det vanskeleg jobbe fram kvinnevinklinga i forfattarens liv og dikting. Mange artiklar er skrivne og publiserte, så vel i trykk som elektronisk.

Vi kom til eit velordna selskap i 2012. Arne Skogheim, leiar før meg, og hans styrer hadde lagt eit solid grunnlag med Kåre Olav Solhjell si ordning av arkivet. Utan dette vore det ikkje mogleg ta fatt på og gjennomføre det store prosjektet «Digitalisering av Olav Sletto-arkivet», som vara frå 2016 til 2018. Eit stort arbeid er nedlagt i prosjektet, som eg har skrive om sist i dette heftet.

Årsheftet inneheld ellers Erling Lae si lesing av Olav Slettos heimstadikting, med hovudvekt på dei fire Per-bøkene. Han fortalde om dette under Olav Sletto-dagen 2018. Og, skriv han, kom han fyrst i gang, heller seint, vart han fanga av Slettos fortelling. Der kjenner vi oss att.

Vi har også tatt med eit foredrag Olav Sletto heldt ei gong i mellomkrigstida, kanskje 1921 (årstalet er vanskeleg lesa), der han hyllar den gamle bondekulturen og skisserer folkehøgskula sin rolle i å bevare denne i moderne ulvetider. Her fører Sletto klar tale, han som ellers gjorde seg gåtefull og pakka budskapet inn for ikkje å bli tatt til inntekt for ein av partane. Og budskapet var del av det Stein Rokkan kallar motkultur, ei rørsle med brodd mot hovudstadsdominansen i kulturlivet, og målmannen Sletto gjer folkehøgskulen til ein sentral del av denne motkulturen.

Professor Jørn Øyrehagen Sunde har sidan 2013, vore med i storslagen tenest for Olav Sletto-selskapet generelt, med juridiske råd, og for leiaren spesielt, som fagleg rettleiar i hennar skriveprosessar. Han har skrive bok saman med leiaren, og bidratt med artiklar basert på eiga forskning på Olav Sletto i fleire av årshefte for Olav Sletto-selskapet, som t.d. talaren Olav Sletto, og essayisten.

I 2018 ga Den norske Forfatterforening si orsaking til 17 forfattarar for den urettvise handsaming dei vart utsette for av æresretten etter krigen. Siste ord er truleg ikkje sagt i denne saka kva gjeldt nokre av dei 17. Eva Almhjell skriv i ein utvida versjon frå november 2018 om æresretten og Olav Sletto fyrst i dette årsheftet.


Vi avsluttar med siste nytt om halvsyster til Olav Sletto, Jenny Bertine Andersdatter Sletto, som, viser det seg, ikkje vart født i Holmestrand i Vestfold, men i Holmestrand i Akershus, der mor hennar var fordi kjærasten hennar og far til barnet budde og arbeidde på dei traktene. Det er slektsgranskar Anne-Grethe Syvertsen som bidreg med det nyaste her.

Den som leitar finn, og nytt om Olav Slettos liv og dikting er å finne for den som granskar. Avtroppande leiar meiner dei dørene som er opna og nye som framleis står att å opne, vil kaste meir lys over Olav Slettos liv og dikting. Det har han og forfattarskapen hans fortent.

Med dette takkar eg for meg.

Eva Almhjell  
Tønsberg, april 2019

## Orsaking til Olav Sletto frå Den norske Forfatterforening



Olav Sletto. Foto: Hol Bygddearkiv.



Leiar i Den norske Forfatterforening, Heidi Marie Kriznik, ber om orsaking under 125-årsjubileet for Den norske Forfatterforening, 15.11.2018.  
Foto: E. Almhjell

Sletto var ein av 17 forfattarar som Den norske Forfatterforening ba om orsaking for urettvis handsaming av æresretten etter krigen, då foreninga markerte sine 125 år. Det var på tide, vil nokon kunne si, for dette var velfortent. Andre er kritiske til orsakinga.

15. november 2018 var ein merkedag for Olav Slettos ettermæle, forfattaren, som vart født i Hol i 1886 og døydde på Geilo 1963. Hallingdals store forfattar – av nasjonalt format. Endeleg fekk han oppreising etter at han hadde mått leva med mistanken om at hans nasjonale haldning ikkje var av det reine slaget. Ei oppreising som betyr ein forskjell for etterkomarane.

### **Den norske Forfatterforening og æresretten etter 1945**

Dag Solhjell og Hans Fr. Dahl ga i 2013 ut boka «Men viktigst er æren. Oppgjøret blant kunstnere etter 1945» (Pax). Der heiter det m.a.: Etter krigen holdt Norge et oppgjør med dem som hadde sviktet landet under krigen. Synderne kunne dømmes og fordømmes av så vel rettsvesen og sivile organisasjoner som av folk flest. [...] Kunstnerorganisasjonene straffet dem de fant hadde oppført seg unasjonalt, og som dermed hadde vist seg som uverdige medlemmer. Straffen fikk i mange tilfeller karakter av yrkesforbud eller innskrenkning av yrkesfriheten. Oppgjøret fikk et vilkårlig og uforutsigbart preg, da både regelverk og faktiske forhold ofte var uklare.»

Også Den norske Forfatterforening etablerte sin æresrett i 1945.

### **Olav Sletto – religiøs utopist og pasifist**

Professor Jørn Øyrehagen Sunde har i fleire år understreka at eit menneske som tenkjer som Olav Sletto aldri kunne vera del av ei autoritær rørsle, t.d. nazismen. Sletto er religiøs utopist og nærast for anarkist å rekne i denne samanheng. Han var pasifist og ikkjevaldsmann. Dette er konklusjonen etter at Øyrehagen Sunde har forska både på talaren og essayisten Olav Sletto.



Korleis hang det saman at Olav Sletto likevel måtte leva med at det vart stilt spørjeteikn ved hans nasjonale haldning under krigen? Hefta det noko ved barna hans i denne samanheng? Eller var det noko ved han sjølv?

Då krigen kom til Norge i 1940, var Olav Sletto styrar ved Romerike Ungdomsskole på Sørumsand. Familien budde i skula sin styrarbolig. Der vart han fleire gonger forhøyrte om sonen Bjørn, og derfrå vart han kasta ut av tyskarane, som knuste talarstolen hans og vanæra «ein humanistisk heim», som Sletto sjølv formulerte det. Fordrivne frå eigen heim, budde han og kona, Karin, på garden Bingen i Sørum fram til hausten 1946, då Sletto overtok huset etter mor si på Geilo og flytta dit. Mor hans, Anne (f. Sletto) Olsen, døydde sommaren 1946.

### Ein far si omsut for sine barn

Tre av Olav Sletto sine fire barn var aktive i motstandsørsla. Korleis virka det inn på far til barna?

**Bjørn** (1915-1962) var offiser i marinen og med i krigen mot okkupantane frå fyrste stund, skriv Lars Reinton i «Ei bok om Olav Sletto» (Samlaget 1966). Han sat m.a. sju månader i Ulven konsentrasjonslæger ved Bergen. Der vart han torturert og fekk varige mén av det. Han døydde ung.

**Randi** (1914-2002) vart tidleg med i motstandsørsla. Ho var sjukepleiar på Ullevål sykehus og hjelpte norske patriotar som vart innlagt der, ofte etter tortur i tysk fangenskap, til å rømme frå sjukehuset. Dette gjorde ho med stor fare for sitt eige liv. Det står lesa i eit minneord i Aftenposten 27.8.2002. Her står det også at «Randis foreldre bodde på den tiden på Sørumsand, og mer enn én gang fikk fangene og losene lov til å hvile hos dem før ferden gikk videre over grensen.»

**Irene** (1919-2013) var student. Ho rømte til Sverige og arbeidde under krigen i den norske legasjonen i Stockholm.

**Eva** (1912-2006) var skodespelar ved Det Norske Teatret 1935-83. Ho utmerka seg m.a. i Oscar Braatens dramatik. I si lange karriere spelte Sletto mange sentrale rollar, helst med poetiske eller sterkt realistiske rolletyper. I 1936 debuterte ho på film, og var i ein periode ein av Norges fremste filmskodespelarar. I 1944 vart Olav Slettos skodespel «Domhuset» vist på Det Norske Teatret – i regi av nazisten Cally Monrad – men utan forfattarens vitande, skriv han i brev til Lars Reinton rett etter krigen. Eva Sletto tala tysk, og vart av den grunn mistenkt for å vera tyskarvenleg, fortel dotter hennar, Eva Cecilie Sletto.

Sletto skriv etter krigen at «han kjende seg som gissel for dessa borna sine» (Reinton, «Ei bok om Olav Sletto» s. 106). Korleis forklare framferda hans, i.e. det å gjera gode miner til slett spel, vera med, men likevel ikkje, kritikken hans av både prestane og lærarane sine aksjonar, det å halde fast på pasifist-ståtden sin i ei krigsverd der det ikkje var plass til anna enn svart-kvitt tenking osv. - kunne noko av forklaringa på dette vera omsyn til barna, til motstandsørsla han så å si hadde i eigen familie? Kunne det vera at ein liknande logikk galdt for eldstedottera Eva ved Det Norske Teatret? Dei tedde seg som dei gjorde for å dekke barn og sysken? Det kan synest som om det ikkje er ei urimeleg tolking.

Sjølv skriv Olav Sletto til Lars Reinton hausten 1945 om ungane si stode under krigen: «At Bjørn lever etter den aktivitet han har synt...at Irene vart verande på frifot so avgjort djerv som ho gjekk i arbeidet... at Randi ikkje kom på Grini for sitt strev for dei politiske fangane...og at Eva ikkje vart hekta, ja, fyrst er det eit Guds under, og for det andre ei frukt av min taktikk. Eg tok parti med borni og var stum. ... Men eg har stridd, det skal Gud veta. ... Min vesle huslyd har fått gjort vårt for ferdlandet.» (Arne Skogheim i Olav Sletto-selskapets Årshefte 2004).

### **Quo vadis, Tyskland? Klarsynt forfattar frå Hol**

Sletto såg med forvitneleg klarsyn det helvete som var i emning under fyrste verdskrigen. I 1914 ga han ut boka «Um Tyskland», der han uroa seg for at industrialisering og militarisering i Tyskland undergrev landet som kulturnasjon. Dette var han enda tydlegare på i Loke-kvartetten, som mange held for hans hovudverk, og der kampen om menneskesjela er tema. I dette verket skildrar han noko som likna endå meir på det ragnarokket som utspela seg under andre verdskrigen.

Lars Reinton skriv at Sletto «tok ein passiv stode til det nye styret, let seg velja inn i nemnda til å atterreise Fillefjellkyrkja, men utan å møte i nemnda. Han var misnøgd med den måten heimefronten eller motstandsørsla tok det på, då dei brukte våpen og nytta terror, valdsmetodar og angiveri, plent som motstandarane. Etter Sletto si meining var det óg mot kristendomen, og dumt når prestane sette i gang streikeaksjon...» (ibid s. 104).

Noko som også blir halde mot Olav Sletto, var at han ga ut fleire bøker under krigen. Tre av Per-bøkene kom då, og dei to fyrste binda av «Soga um Røgnaldfolket». Dette var ikkje sett på som rein nasjonal haldning. Gode menn, m.a. Lars Reinton, søkte om diktargasje for Sletto i 1939. Det var før andre verdskrigen kom til Norge, og det var utan at forfattaren var informert om det. Forslagsstillarane trekte ikkje søknaden attende, sjølv etter at det vart klart at det var nazistane som fekk avgjerda. Derimot heldt dei i mot Olav Sletto, som sidan 1938 var svekka av sjukdom og som fekk invalidepensjon frå 1944, at han ikkje sa i frå seg diktargasjen. Pengane kom fyrst til utbetaling dei to siste krigsåra, 1943 og 1944. Reinton meiner dette var Slettos største mistak under krigen. Men, må ein i ettertid kunne spørja, kvifor trekte ikkje forslagsstillarane sjølve søknaden då dei såg kva veg det bar?

For sin «holdning» under krigen vart Olav Sletto, då freden kom, av æresretten i Den norske Forfatterforening dømt til ikkje å gi ut nokon bok før etter eitt år (1946), og til å betala attende kr. 5000 som han hadde fått i diktargasje av dei ulovlege styresmaktene. Sletto var store delar av sitt diktarliv i konstant pengenaud. Han slapp derfor, etter søknad, å betala attende gasjen, og frå april 1948 var medlemskapen hans i forfatterforeninga i orden att. Men denne straffa var ei krenking av den frie kunstnaren, og eit tap av ære for forfattaren Olav Sletto.

Olav Sletto meinte all sin dag at han hadde hatt gode grunnar til å handle som han gjorde, og at han vart hardare straffa av æresretten enn diktarkollegaer det var rimeleg samanlikne seg med – utan at det her skal nemnast namn.

Det ville utan tvil vore Sletto heilt rett, det Den norske Forfatterforening gjorde, då dei 15. november 2018 ba om orsaking for den urettvise handsaming han og 16 andre forfattarar fekk i æresretten etter krigen. Truleg ville han ha helsa oppreisinga som ligg i dette for rettvis, og framhelde at dette var ein verdig måte å markere Den norske Forfatterforeningen sitt 125-års jubileum på.

Eva Almhjell  
Leiar  
Olav Sletto-selskapet

# Han hylla livet, men femna det ikkje



Dette er ein artikkel i to delar om Olav Sletto sitt liv og diktning. Del I er frå dei fem åra [1912-1917] familien budde i Vollen i Asker, og er tidlegare publisert i «Glimt fra Vollen. Årbok for Vollen historielag 2018». Del II gir glimt av liv og diktning fram til dei døydde. Olav i 1963, Karin i 1965. Den er nyskreven. Forelegget er i all hovudsak breva mellom ektefellene. Heile artikkelen er tilrettelagt av Eva Almhjell, leiar i Olav Sletto-selskapet [2012-2019].

Eit bilde kan si meir enn 1000 ord.

Edvard Munch «Hode ved hode».

Eigaren Pål G. Gundersen, Vestlia Resort, har gitt tillatelse til å nytte det her.

## DEL I: Forkynnar, forfører og talekunstnar Olav og Karin Slettos fem år i Vollen (1912-17)

Dei hadde draumar for liv og samliv i heimen dei sette seg opp i Vollen sommaren 1912. Vesleheimen, som dei kalla han, skulle «lyse utetter og verme innerter», vera eit tempel. Han skulle gi næring for djup kjærleik og evig truskap innerter, og vera open utetter for sjeler som var i åndeleg trengsel. Saman skulle dei to søkje «det fuldkomne». Dei hadde store draumar, Olav og Karin Sletto, og Olav Sletto hadde ordet i si makt. Han brukte dei som talekunstnar, som forkynnar av bodskapen sin og som forfører for å få det som han ville i heimen. Slik er mi lesing av breva mellom Olav og Karin Sletto, som denne artikkelen byggjer på.

Samstundes var målmannen Olav Sletto del av det Stein Rokkan kallar ei motkulturell rørsle, med brodd mot hovudstadens dominans i kulturlivet. Og han hadde ein visjon, eit hugsyn, om ei folkehøgskule som del av denne motkulturen.

### Den store kjærleiken

Alt hadde gått så fort i 1911. Eit teppe med uglemotiv som Karin hadde vove til han etter den vellykka debuten med «Dei gamle» i 1908, og nokre få høflege helsingar var alt som vart utveksla mellom Olav og Karin før 1911. Brått vart det til ein flaum av intense kjærleiksbrev mellom dei. I det dulde – det måtte vera det – hadde dei tre kjærleiksmøter denne våren, før dei gifta seg – i djupaste løynd – hjå byfogden i Drammen 27. juli 1911. Karin var då 27 og Olav 25 år.

I breva fram mot vigsla tek ho likevel eit lite steg attende: «Maaske er jeg ikke den kvinde De tænker at se i mig (9.4.1911), og: «Jeg tviler jo ikke paa din kjærlighed – ei heller paa min egen – men jeg tviler stundom paa min evne til at være din hustru!» (24.4.1911). Han skriv: «I saman med Dykk trur eg at eg skal kunna verta heilt god! I saman med Dykk kann eg naa inn til hjarta av harmoniens lov i denne verdi» (udat.1911). Olav Sletto tvilar ikkje på at han har funne den rette – si prinsesse. Dette var den store kjærleiken! Umogleg stå imot – trass forsøk på atterhald! Karins familie såg det «sære» hjå den yngste, Olav såg det «saare», og han bygde henne opp med varmt hjarta og stor psykologisk innsikt.

Skapte han samstundes Karin – i sitt bilde? Og ante ho at det var det han gjorde? Var ho redd han blanda draum og virkelegheit?



### Vigle i dølgsmål, bryllupsreise til København – så særbu anno 1912

Det var uheyrte den gongen, også i Karins overklassekrinsar, at folk gifta seg – utan å flytte saman! Men det gjorde desse to. Både før og etter vigsla i dølgsmål i Drammen, hadde Olav si base i heimen hjå besteforeldra i Hol i Hallingdal. Han var forfattar, men inntekter fekk han fyrst og fremst som talar. I åra 1910-17 gjorde han på oppdrag frå Noregs Ungdomslag og etter kvart måldyrkingsrørsla Akademiet meir enn 70 taleferder i heile Sør-Norge. Karin held fram som selskapsdame for mor – i mors hus i Sandefjord.

Karin kjende seg, etter det ho skriv, framand hjå sine egne: «Jeg ved ikke jeg – men jeg hører ligesom ikke til hjemme blant mine egne, føler mig saa underlig fremmed for dem – lever i min egen skjønne verden.» Ho var åndeleg orientert i ein materialistisk skipsreiarfamilie. Men det var no likevel dei som stilte opp for det nygifte paret. Etter eit halvt års bryllupsreise i København, kom dei attende til Norge i slutten av januar 1912. Olav kalla turen ein studietur (Elveland, 1924). Det var Karins mor, Karen Bryde, og eldste bror hennar, Johan, som kosta utanlandsopphaldet på dei. Han var i fars stad for veslesystema, som hadde sju storebrødre i alt. Far deira døydde i 1899. Mor levde til i 1925.

### Fyrste møte med «Skjæret»

I 1912 kom dei køyrande til Vollen, nedpakka i «sledafelden hans vognmann Hansen». Det var vår i lufta, men snøen låg enno. Karin Slettos bror, Gottfred Mauritz Bryde (Fritz), hadde stilt landstaden sin, «Skjæret», til dei nygifte sin disposisjon, til dei fekk områdd seg. I «Elveland» (s. 32 ff) skildrar Olav Sletto (1886-1963) «Skjæret» slik: «Villaen var eit lite herresæte...: Velhaldne grusgangar etter streng engelsk hagestil. Og ein liten skog med aplar-, plomme- og kirsebærtre. ...Sjøen kunde me høyra mot bryggjemuren nede i hagen... For meg var det som ei innvigjing til rikmannstilværet eg no skulde freiste i nokre maanad. ... Til slutt ...fann me eit lite arbeidsrom med skrivebord ... eit kunstverk i mahogny. ... For ein vaar det var, den vaaren! Livet i København hadde trøytt oss ut med altfor mange inntrykk. No dorma me av. ...Stundom sit der ei ung kvinne paa benken under gamle-aski. Ho er høg og ven som madonna for mine augo. Ho er ung, og ho ventar paa aa bli mor. Ho er mi kvinne. ... eg venta arvingen og skreiv imedan ei liti tankebok» (Smaaord, 1912).

«Skjæret» ynskte dei nygifte raust velkommen med rikdom og overflod, men for Olav Sletto vart det for overdådig: mahognibordet på kontoret for flott, stolen for mjuk. Den var meir for sovestol å rekne enn arbeidsstol, skriv han. Der fekk skipsreiararen sitt. Det var måtehald forfattaren måtte ha for å kunne skrive på alvor. Karin, f. Bryde (1884-1965), skjønnte ikkje kva som var problemet.



Vesleheimen. Originale fotos Ludvig Pedersen Finstad. Fotomontasje: Bjørn Furuseth, Hol bygdearkiv.

### Vesleheimen – den fyrste bustad

Av Mauritz Gottfred Bryde (Fritz kalla) fekk Olav og Karin etter kvart også eigen tomt, ca. 5 mål utskilt frå «Skjæret». Og pengar til sjølve husbygginga var det mor og Johan som sto for, som lån eller kanskje

dels givandes. Huset vart tufta i mars, og i september 1912 flytta dei inn. Dei kalla det Vesleheimen. Men det var fyrst i januar 1913, at det vart ordna med skjøte, lån og anna formelt som høyrer byggeprosessen til (Karin-brev 12.1.1913). Her budde Karin med ungane til oppunder jul, mens Olav måtte til Fiskum til skulestart hausten 1917.

Olav og Karin Sletto var nygifte, stupende forelska og dei venta sin fyrstefødde. Olav var djupt engasjert i Karin sin graviditet. Gode råd hadde han så visst å koma med, runne av folketrua i Hol, ei liten fjellbygd oppunder Hallingskarvet, der han sjølv var født og vaks opp. Men Sletto hadde også lese Sigmund Freud, t.d. draumetydinga hans. Draumar vart fortolka og tillagt vekt i folketrua han vaks opp med, men han hadde liten sans for Freud sine driftsteoriar som draumetolking. Han søkte mot det religiøse og fann meir meining i den amerikanske legen, (religions)filosofen og psykologen William James si vektlegging av kjensler, og det åndelege som opphav til og drivkraft i menneskeleg atferd. Men folketrua kom innimellom til å overstyre akademiske teoriar, slik sitata nedanfor syner.



Maleriet «Morgen» av Kai Fjell tilhøyrer Pål G. Gundersen, og er i utstilling på Vestlia Resort. Bruken her er med tillatelse frå eigaren. Det fangar Olavs draum om moderskapen.

### Barnet maa verta fagert

«Det avgjerande for barnet er óg denne tidi utyver. Hald deg litt tilbake, sky folk som snakkar slik at det kann hissa upp tanken. Hald deg fraa aa sjaa mange aasyn - sky stader du braatt kann sjaa stygge el brutale andlet – og alle med raudt haar. Barnet maa verta fagert. ... Kona bør vera hjaa mannen sin. Og han skal hjelpa henne i det høge, og heilage kall (Olav-brev datert 14.3.1912).

Olav hadde gjort rolledelinga mellom kone og mann klart i mange brev til Karin. Ho skulle vera dronning i heimen, og han skulle hjelpe praktisk og vera den som sørga for familien økonomisk. Det var ikkje noko uvanleg ved denne rolledelinga, med alt som det innebar, korkje i byfamiliar eller på gardane. Det var normalen på begynnelsen av 1900-talet, då kring 80 prosent av folket var knytt til landbruket, der Olav Sletto hadde sine røter. Men låg det noko meir i utsegna hans? Brukte han folketru som sosial kontroll av kona medan han var på taleferder?

### Olav og kvinnesakskvinnene

For det fanst dei som gjorde opprør mot «det normale». Kvinners kamp for stemmerett og likestilling innan m.a. utdanning og økonomi hadde pågått i fleire tiår, drive fram av mange kvinner, helst frå overklassen, og nokre få menn. Men kvinnesakskvinner hadde Olav Sletto liten sans for. Han var på Otto Weininger-sporet: Mannen var i kraft av sin naturlege styrke og posisjon, overordna kvinna, som grunna sin biologiske rolle i reproduksjonen, vart den underordna. Kvinnefrigjeringsen førte til ei feminisering av kultur og samfunn, og den vanvyrde mannens natur. Parolen vart «attente til naturen», til jorda. Og bonden vart det maskuline ideal innan kunst- og kulturlivet (t.d. hjå Knut Hamsun, August Strindberg)

Men Karin h vde inn i Olavs kvinnebilde: Han fann henne uju lete, med lekamlege liner som minna om ei velgjort fele. Ei som var god   spela p , tilmed. Ho var danna og litter ert skolert – som ei god bok ein kunne lesa om att og om att, og stendig finne nytt tilfang. Ei kvinne som streba mot «det fuldkomne». Men var ho n gd med   «vera dronning i eige rike» – heimen – og berre det?

Karin var h gstemt i sin sang til den tradisjonelle familien. Ho uroa seg for oppbrudda som ofte f lgde det moderne ekteskapet, og som ho fekk heilt innp  livet i eigen familie. Og ho syns nok ho var p  god veg mot m let – «det fuldkomne» – med brudgommen sin: Vakker og intelligent var han, lang og slank, alltid velstelt og pen i t yet, f rde seg h visk og mestra kunsten   samtale – og skrive!

Han var ein intellektuell kapasitet. Ein suksessrik bokdebutant. Kan hende tok Karin det for gitt at suksessen ville halde fram, og at han ogs  ville s rge for at ho stort sett fekk det slik ho hadde vore vant til: Solid  konomi? Kanskje bygde ho sitt eige bilde av Olav og dyrka det – meir enn mannen Olav?

### **Fekk st tte til   fylle pengesluket Vesleheimen**

Men i Vesleheimen vart ho konfrontert med  konomiske realitetar ho f r ikkje visste av. For oppdragsgivaren, Noregs Ungdomslag, var nok stortalaren Olav Sletto ei sikker inntektskjelde, men for Karin vart det ikkje nok «m nt i kassen» til   fylle det pengesluket Vesleheimen s g ut til   vera. Storebror Johan hjelpte veslesystera si med om lag 200 kroner i m naden i dei  ra dei budde i Vollen, s  ho ikkje skulle svelte heilt ihel saman med «den fattige literaten sin», som familien kalla Olav. I dagens verdi tilsvarar det vel 8.000 kroner. Denne kjelda turka ut i 1917, d  skipsreiarer gjekk konkurs og flytta til Amerika (Johs. A. Dale/L. Reinton: Ei bok om Olav Sletto, 1966).

Sosialt vart det ogs  litt stusle. Karin syns dei heldt seg (for) mykje for seg sj lve. Ho var knapt p  bes k hj  sine eigne. Ho sakna dei. Men mor og systrene i Sandefjord sende kasser med klede, mat, frukt og b r, egg og anna godt. Fr  Hallingdal kom sauekj t. Dei siste tre  ra Sletto-familien budde i Vollen, rasa den mest grufulle og meiningslause krig ute i Europa. Det var jobbetid for dei f , dyrtid for dei mange. Kassene med forsyningar kom godt med i Vesleheimen.



### **«Hendes kald blir at overstraale» – ungane i Vesleheimen**

6. september 1912 kom Olav og Karin Sletto sin fyrstef dde til verda. Dei kalla henne Eva. Eit yndig og kokett lite jentebarn. Om henne skriv Karin eit par  r seinare at «hendes kald blir at overstraale». Barn nummer to, Randi, kom 8. januar 1914. Ho var av det solide slaget, med ei opph gd ro og «skj nnhed», skriv mor, og f ter som ikkje heilt bar henne som liten. S  kom guten, 12. mars 1915. Ein str lende vakker bror. Dei kalla han Bj rn.

Eva Sletto vart skodespelar, Randi sjukepleiar. Mor s g jentene sine alt fr  dei var sm tuller. Far likes . Bj rn vart orlogskaptein, oppfinnar og l rar ved Sj mannskolen p  Ekeberg i Oslo.

Fr  venstre Olav, Karin, pigen og ungane (f.v.) Eva, Randi, Bj rn – og ei ukjent venninne. Foto: Utl nt av Hol bygdearkiv



### **Draum og virkelegheit i nyeheimen**

Å seta seg opp sin fyrste heim er oftast forbunde med stor glede. Slik også for Karin og Olav. Karin sjølv skissa huset på 80 kvm grunnflate og Olav er begeistra (brev av 14.3.1912): «Og geniet Karin. Arkitekten Karin min! ... Det du hev vunne i denne teikningi av 1. Fin, koseleg ynde, 2. Venleik, 3. Sermerkt liv, 4. Heilag sjæl, 5. Hyggje, 6. Varme. ... Det er tempel huset er – og bogarne og søylerne gjev huset det store inntrykk som dei «store» husi gjerne manglar. Og dei store herlege glasi på tverrveggen med alle dei gilde smaa rutorne i. ... **Eg beundrar deg!** ... Du hev meir enn grunn til aa **vera stolt**. Og du fær sikkert æra av det huset! ... Herregud, Karin min!»

Karin skriv: «Jeg tror, vi kommer til at gjøre meget godt ud fra dette vidunderlige sted, som næsten mod vor vilje blev vort. Her vil blive herligt med tiden i en fredet plet i Babylons forvisning! Og gjester vil komme og gaa og dertil kjende noget bortenfor det almindelige – noget som ikke er af denne verden! (23.11.1912).

Byjenta Karin opplever altså at staden nesten motviljes vart deira, og kjenner seg forvist. Då gjaldt det for henne å skapa noko «bortenfor det almindelige». Til Karin sin draum hørde m.a. å skapa noko for barna i bygda, som t.d. å samle «missionsbarna» i Vesleheimen, fortelja frå Bibelen, spela piano og lære dei sangar som bidrog til åndeleg vekst. Olav skaut effektivt ned den tanken. Det vart med dei etter kvart tre eigne barna. Med rette, må ein kunne spørja.

Dørene vart heller ikkje nedrende av folk i åndeleg trengsel, kan det sjå ut til.

Mens Olav trivdes på landet, ville Karin, som nemnt, helst budd nærare byen, tettare på familien sin, trass alt, og på det pulserande kulturlivet i hovudstaden. Det rurale Vollen var ikkje etter hennar hjarta. Olav var, som vi har høyrte, halve året på taleferder. Han tok for seg litterære tema, som Garborg, Ibsen, Bjørnson m.fl., han tala om Michelangelo og Hans Nilsen Hauge, og han tok opp tema i samtida, som tilhøva i Tyskland og Europa. Meir enn 70 taleferder vart det altså medan dei budde i Vesleheimen.

«...eg vil ha ei mild kvinna til kona for meg»

Karin sakna han og kjende seg sosialt isolert i heimen. Dette, saman med einsemnda ho bar med seg frå barndommen, prega sinnstemningane hennar. Dessutan var ho gravid og barselkone og amme store delar av tida i Vollen. Ho svinga mellom det høgstemte og tunglyndte, og ho tok lett til tårene. Karin var utdanna kunstveverske ved Notodden lærarskule (1902). Ho spelte piano, som vi har forstått, og tala tysk. Medan Olav var ute på taleferder, sat Karin att i eit hus som på langt nær var ferdig, korkje inne eller ute, enn si hagen. Det var langt frå «fuldkoment».

Som åra gjekk, held draumen om «det fuldkomne» seg, men Karin skulle vera forsiktig med å rokke ved den tradisjonelle rolledelinga i heimen. I 1915 skreiv Olav frå Sannidal i Telemark. Han var rasande over tilhøva i Vesleheimen. «Kjære, kjære. Ver ikkje leid um eg segjer min kritikk yver sumt du gjer: det er mi pligt aa gjera det, skal du vita. Eg kann ikkje vera likesæl, av di eg er so glad i deg. Og eg vil ikkje ha ei kona, som krenkjer dei fyrste grunnar for samliv millom dei tvo i heimen. Du har kjennskap berre til konor som marerid mennerne sine. Og i din innarste natur ligg trongi til aa vera for mannen din noko heilt anna enn eit tøyntande viv og ein motpol til tvidrag. Naar heimen er bygt av tvo – so skal dei tvo gaa innum kvarandre i alt. Alt anna vert brutalt. Kvinna skal vera den mildaste – og bøygja seg etter mannen, som livet gjer hard og viljefast. Mathea, Hanna, Nanna – Jenny's eksempel [Karins systre og svigerinner] skal ikkje koma inn i Vesleheimen. Dessutan har me noko heilt anna aa naa – enn desse andre kjøtskrottarne. Dernest vert du aldri sæl, fyrr du lærer aa lyda, du Karin. Dernæst etter aa lyda etter – so du paa meir kvinneleg fin maate gissar det som støyter eller krenkjer din mann. Fordi at eg er glad i deg, so vil eg gripa inn no med det er tid. Du er ung, og det er berre paa ein einaste maate aa greida meg i lengdi, det maa du no snart skyna. Eg vil ikkje tyrannisera deg – men eg vil ha ei mild kvinna til kona for meg – ikkje noko mannfolk. Det fine, taktfulle, storhjarta er magter som eg respektera.

Og treng ikringum meg. Og borni treng! ....» (10.11.1915).  
Han fylte fleire brev frå Telemark med liknande innhald.

### **Eit tomrom berre Karin kunne fylle**

Kva hadde utløyst dette raseriet? Kvifor reagerte Olav som han gjorde? Kor kom dette kvinnesynet frå, eigentleg? At det var vanleg i hans samtid og at det fanst ein intellektuell tradisjon det kunne knytast til, har vi vore inne på, men i tillegg ligg noko anna der. Olav gir oss truleg den viktigaste grunnen sjølv. I mange av breva til Karin skriv han at ho ikkje skjønar kor vetlaust høgt han elsker henne, og at utan henne ville livet vore utan meining for han. Då ville han heller dø. Han hadde våga å opne opp for kjærleiken til Karin. Det er risikabelt for han, svært risikabelt. Han hadde jo opplevd det vondaste eit barn kan oppleve: ei mor som forlet han som spebarn. Saknet etterlet eit svart tomrom inni han av einsemd inni ha, morssakn og morslengt, eit rom berre Karin kunne fylle. Tanken på å miste henne var ikkje til å halde ut for han. Han var ein mann som var redd for å miste si kvinne, og som derfor ikkje vil dele henne med omverda. Dette gjer ikkje Olav Sletto til ein helt, seier Jørn Øyrehagen Sunde, men det gjer han til eit menneske, som oss andre. Det er ein status han fortener, som oss andre. Olavs uvilje mot å dele Karin med omverda, som ho sensa, forsterka hennar eigen einsemd, som livet på landet ellers gjorde det. Men Karins draum om bustad nærare byen vart likevel aldri realisert.

### **Kvardagsliv i Vesleheimen – kor mange barn – kor tett på kvarandre?**

Bortsett frå systre og svigerinner var det, kan det sjå ut til, ytterst få som var gjest i Vesleheimen. Fru Arctander, kona til ein god ven og åndeleg rettleiar for Olav, var innom ei og annan gong, ei fru Andersen og ei som truleg var jordmor kom på besøk før fødslane. Mimmi Falsen, målarer som portretterte Olav i 1909, er nemnt, men ingen andre frå kunstnardalen i Asker. Helst var det dei som til eikvar tid budde på Skjæret som kom innom – sumarstid. Karin sjølv var i kontakt med grannar som ho hyra til å hauste bær i hagen eller som gjorde anna naudsynt arbeid ute. Barneståk var det i heimen, men ellers grunnleggjande stille, serleg vinterstid, då Olav var på sine taleferder.

Isdammen var ei kjelde til konflikt med Høibak i gartneriet nær Vesleheimen. Tappa han dammen ned, kneip det med vatn i Vesleheimen. Etter som barna vaks til, kom barn i nabolaget og leika med Eva og Randi. Ein 17. mai skildrar Karin slik: Ungane sat på kjøkenbenken med flagg og ein appelsin på deling. Dei ropte begeistra HURRA mens barnetoget trippa forbi ute på storevegen. Mor og barn var tilskodarar. Mor var deprimert. Ho isolerte seg og sakna sitt «eneste menneske». Verst var det vinterstid.

Fellesturane ho drøymde om på Skjærsjordet, i Blakstadmarka og andre stader i Vollen vart sjeldan noko av, kan det sjå ut til. Det same gjaldt løfta Olav ga Karin om turar til stader dei knytte romantiske minne til, t.d. Notodden lærarskule (der dei treftes fyrste gongen), St. Olavs Hotel i Kristiania (åstad for hemmelege elskovsmøter våren 1911) og Britannia Hotell i Drammen (der dei hadde bryllupsnettene sine). Kanskje var det ikkje slik meint, men det vart likevel berre lokkemat, vil nokon kunne si, for å få Karin i jubelstemning til han kom heim frå taleferdene sine. Dette kan ha vore ei kjelde til usemje i heimen.

Karins ynskje om pause frå graviditet og barnefødsler eit par-tre år, kunne vera ein annan grunn til dissonans i heimen. Prevensjonsmidla den tida var coitus interruptus eller avhaldenheit. Begge delar krenka Olavs manndom, skriv han i brev frå Drammen (19.1.1914). Karin svarar at ho så gjerne ville «have Eva og Randi undaf – store, forstaar du – og have huset vort i orden. For endu har jeg det til gode at faa leve helt fri barnet, gaa turer. Slig vilde jeg det. Og slig skal han faa det, Bjørnungen! Men en 3 aars tid skal han faa vente. Det er du enig i – gullet mitt, manden min – al skjønheds ophav?» (4.2.1914).

To dagar etter skriv Olav: Eg er so ihuga og uroleg, som var eg ikkje ein gift mann, som skulde faa taka kona si i fang – eg er som ein konfirmant, som fyrste gongen skal møta si kvinna. Kann du segja kva kjærleiken er Karin? Meg er han ei gaata – som ei magt so god og veldig, at eg frygdar meg med vaar kjærleik no, Karin. Og eg trur det kjem av, at me fyrr har late smaating stengt noko inne. Eller kjem det av, at ein maa veksa i kjærleiken. Kjærleiken er mykje yver halvparten sjeleleg.

Frå taleferd i Trøndelag (7.5.1914) forsterkar han det han vil: «Jordelivet Karin! Men - - Kva skal me



gjera? Eg har for litt sidan lese ei doktoravhandling [EA: kan vera Otto Weiningers «Kjønn og karakter», som kom på norsk i 1903] um elskan millom mann og kvinna. Der staa, at all – omtanke, alle forsigtighedsreglar, alle midlar til aa hindra - - - drep elskan «paa tærskelen ind til det herligste» – so kvinna aldri fær kjenna sin mann, eller mannen si kvinna. Etter naturens ordning stengjer dei sjølve for den høgste jordelukka. Dernæst: hjartelegt fangtak gjer frisk paa sjæl og kropp, sægjer han. Men det andre ... **gjer mannen sjuk**, og kvinna sidan. Her er me inne paa eit vanskelegt punkt. ... Du skynar! Og eg gaar ogso kvar gong svolten burt. Og du – kjenner ikkje min kjærleik innerleg som fyrr. Her er me inne paa noko faarlegt ... Hugsar du den fyrste tid! Daa var det – gaave! Aa! Og no denne sumaren, kva skal me gjera - - skulde me vaaga aa kveikja livsens høgste baal? Tenk yver det, kjære. Ransak deg sjølv. Skulde ein guteknabb vera for dyr betaling for ein heil sumar av høgste frygd? ... No er eg snart vaksen. Og eg har møtt kona mi herlegare enn nokon gong! Skriv ofte! Tusund kyss! All min varme! All min takk. Kyss borni! **Din trufaste mann!**

«Du skal faa raada, kjære», avsluttar han. Attrå er tung temme, kan ein tenkje. Det vart nok til at dei «kveikja livsens høgste baal», og i mars 1915 kom guteknabben Bjørn.

Useinja i Vesleheimen synest vera knytt til nokre sers vesentlige forhold som vi har vore inne på: bustad (bynært – på landet) og storleik på huset, grad av erotisk og annan sjølvkontroll (Kor mange barn? Når? Eigne prosjekt?) og økonomi (meir «mønt i kassen»). Dei var i konstant pengenaud, og Karin ville t.d. for alt i verda ikkje koma i «bogen» til kjøpmann Lund i Vollen. Alt dette har med Karins helse og sjølvbestemmelse å gjera. Ho var konstant uroa, utmatta og mykje sjuk, etter det ho skriv. Kan hende var dette likevel berre adekvate reaksjonar på eit liv med lite rom for utfolding som anna enn mor og viv? Ho forventa å få vera meir enn det.

### Litterær produksjon i Vesleheimen

Olav Sletto brukte somrane og jule- og påskeferiar til å skrive. I åra 1912-17 forfatta han fleire bøker. «Sanddal» kom i 1910, eit drama i fem akter der Sletto let misjonæren Sanddal koma attende til bygda og set snart både det religiøse livet og kvinnene på hovudet med si forkynning, inntil ordføraren tek tak og fær bygda snudd rette vegen att. I 1912 kom «Smaaord», «Tenaren» i 1913, ei bok om Jesu liv, og i 1914 fekk han ut den vesle boka «Um Tyskland», der han med forvitneleg innsikt såg det som sto føre under fyrste verdskrigen, men meir endå det som kom med Hitler og holocaust. I åra 1915-18 ga han ut det store Loke-verket (Loke, Domen, Millom eldar, Skyming). Han seier om dette arbeidet at han, som eigentleg hadde ein lys hug, måtte søkje ned i dei mørkaste djup og innerste, avstengde krokar i sitt sinn, i skriveprosessen. Ofte sat han då på skrivehella si nede i sjøkanten i Vollen. I heimen vart det for livleg med småungane og ei kone som også ville ha av hans tid og merksemd. Nokon held Loke-bøkene for Slettos største litterære verk. Kan hende var denne tunge skriveprosessen slik at han meir enn nokon gong trengte Karin – heilt nær?

I brev til åndsfrenden Alf Larsen på Tjøme, skriv Olav Sletto på 1950-talet at Loke, det var han sjølv, det. Denne treeinige karakteren, samansett av jotunhått, gudehått og menneske, som gir assosiasjonar til den heilage treeinigheit Faderen, Sønnen og Den heilage ande var Olav Sletto sjølv. Den raude tråden i Loke-kvartetten var kampen om menneskesjela – kampen mellom det gode og vonde i vårt indre.

Olav Sletto var ein etterspurt talar! Ferdaskildringane han delte med Karin synte ein mann med eit vakent blick og ein skarp penn. Han tok ofte både folk og stader på kornet – på godt og på vondt. Brev, både hans og Karins, har litterær kvalitet.

Talekunstnaren – forkynnaren – og forføraren Olav Sletto var vakker og velkledd. Karin sytte for det, og han tok seg godt ut på talarstolen. Ein som hørde Olav tala, eller skal vi si forkynna, opplevde det slik: «Naar ein ser Sletto koma inn i ein forsamlingsaal, fri og sterk og bjart og roleg,

so langt fraa aa minna um bondebygdi at han nærmare er ein forfina estetikar – og so høyrer han tala sine fine og formsikre ord med rein og klar røyst, so er det vel mange som hadde trutt han var strengare og sterkare enn han no ser ut til aa vera. Men naar dei har lydt paa eit korters tid, merkar dei ein styrke som tryllar folkeflokk inn i det som er hans tankeverd, so folk sit og syp etter anden. Daa merkar dei ein styrke hjaa han som dei sidan har age for.»

I si formidling var Olav Sletto ein forførande forkynnar, slik sitatet ovanfor syner. Og Johan Austbø forsterkar dette inntrykket i det han held fram slik: Sletto *tal*ar ikkje, paa vanleg vis, han diktar, han maalar, han penslar ut. Og under dette er det som andlitet hans etter kvart faar fastare og klarare linor. Og ein kjem til aa tenkja paa andlitsdragi hjaa Henrik Wergeland.» [Johan Austbø si skildring av talaren Olav Sletto er publisert i Ung-Norig, eit litterært tidsskrift aat ungdomen, Risør 1922].

Men reisene kunne vera så ymse. Avstandane var store, reisetida lang. Transportmidla var tog, hest og slede, karjol, båt og ferjer. Togturen med damplokomotiv mellom Kristiania og Trondhjem tok t.d., skriv Sletto, 18 timar i 1915 (mot sju timar i 2015). Dei langveggsfarande vart reint nedsota, og dei fraus vinterstid. Karin laga eit «reiseplaid» til mannen sin, så han ikkje skulle fryse forderva.

Vêr- og føreforhold skifta også tidt, og ferdene kunne by på alt frå sledefart i stille, vakkert vinterlandskap til forrykande storm, frå bitande kulde til vermande solskin, frå holkeføre vinterstid til sølevegar i snøløysinga. På sjøen kunne bølgiene frese om baugen og truge med å bryte ned både talaren og roarane i småbåten, og i dei større kunne sjøsjuke vera ei plage. Andre gonger spela solstrålane i dovne bølger, og livet var godt.

Han budde fint, hjå gjeve menn og (stor)bønder på landet og på gode hotell i stasjonsbyar og byar. Og han trefte på mange folk han kjente frå skulegang og ellers. Skildringane vart etter forholda – frå oppstemte til nedtrykte, ironiske og morosame. Det var sagn og lengt, og ei plagsam einsemd. Brev med irettesettingar – og omtanke – for kona og dei små i heimen i Vollen, som vi har sett.

### **Olav – knapt kontakt med sine i Hallingdal**

Olav hadde knapt kontakt med sin familie i Hallingdal etter han vart gift. Vinteren 1915 var han på taleferd i Hallingdal. På Geilo trefte han mor si så vidt det var (sjå Eva Almhjell sin brevartikkel frå taleferda i Hallingdal i Sletto-selskapets Årshefte 2018), og han besøkte gomme og goffa sin, og halvsystema Jenny i Hol. Både Olav og Jenny var «uægte børn» frå den tida mor, Anne Sletto, var tenestjente. Ho flytta heim til Hol ei gong mellom 1901 og 1910. I 1913 sette ho seg opp flott hus, «Villa Lunde» kalla, på Geilo. Etter besøket skriv han: «Eg stundar etter aa faa gaa paa toget. Eg høyrer ikkje heime der uppe eg no – har aldri høyrte heime der i grunnen. Og so bratt som liderne var! Nei, eg maa ha Asker, skal eg trivast. ...» (30.1.1915).

Olav Sletto distanserar seg frå naturen og slekta i Hallingdal. Han legg, synest det meg, føringar for eit liv i kontrollert tosemd i Vollen ved å gjera seg og sine lite tilgjengelege. Han var, som nemnt, redd for å miste Karin, si kvinne, han skydde bygdesladder, men var dette også del av ein bevisst strategi for å gjera seg gåtefull, slik Kåre Olav Solhjell er inne på i ein artikkel om Olav Sletto på [www.olavslettoselskapet.no?](http://www.olavslettoselskapet.no?)

### Slutt på taleferdene i 1917

Olav var heime i Vollen i jula 1915, og nokre veker i januar 1916, men så var han på reisefot att. Både vinter og vår 1916 gjekk taleferdene til Møre og Romsdal. Deretter var det slutt. På heimebane kolliderte forventningane til liv og samliv hjå ektefellene.

I breva tek dei att, kan det sjå ut til, det dei ikkje får til i kvardagen heime. Olav overgår Bibelens Salomo i sin høgsang til Karin og kjærleiken. Neste gong han kjem til Vesleheimen, då...til sommaren, då... og Karin stemmer i saman med han og prisar sitt «eneste menneske, mitt liv, al min tanke, al skjønheits ophav». Dit trofaste viv. Din trufaste mann. Diktarkallet var likevel Olav Slettos høgste bod – frå Det Høge. Han skreiv med godheit, og inviterte lesaren med inn i ei verd som ga rom for åndeleg vekst. Liv og lære fell ikkje alltid saman, og i livets kvardag var kan hende Karin og Olav kvarandre nærast når dei var borte frå kvarandre, når dei var nær, vart noko borte, slik Tor Jonsson seier det så inderleg i diktet «Når du er borte».

Diktaren såg smerta. Barnet sensa henne: «Far maa ikke komme hjem, for da graater mor», siterer Karin eldsteddottera Eva. Slik var stemninga i Vesleheimen før jul 1916. I 1917 flyttar Olav Sletto. Forfattaren, forkynnaren, forføraren og talekunstnaren hadde fått fast post ved Buskerud folkehøgskole i Fiskum/Eiker. Og målmannen Olav Sletto var litt nærare draumen om ein folkehøgskule som del av det Stein Rokkan kallar ei motkulturell rørsle med brodd mot hovudstadsdominansen i kulturlivet.

## Forfattar, forkynnar, lærar

### Del II: Tida etter 1917 – Fiskum, Årnes, Bingen, Geilo

	<p><b>Korleis gjekk det vidare?</b></p> <p>Slik vart det spurt etter at eg under Sletto-dagen 2018 på Ål hadde fortalt om familien Sletto sine år i Vesleheimen i Asker, om Olavs taleferder, hans kjensle av einsemd og Karins liv som lengtande og etter kvart slit-en småbarnsmor, viv og «dronning» i eigen heim, slik eg viser i del I.</p> <p>Korleis gjekk det med dei? Det, lova eg, skal eg fortelja om ved eit seinare høve.</p> <p>Dette er eit seinare høve. Her syner eg glimt frå Slettos liv og dikting fram til ekteparet flytta til Geilo i 1946, til dei fann sin siste bustad i Geilotun aldersheim i 1958. Der døydde Olav i 1963 og Karin to år seinare.</p>
<p>Skuggefoto av Olav og Karin Sletto. Kunstnar ukjent. Fotomotasje: Bjørn Furusest, Hol bygdearkiv.</p>	

Det var forfattar han var, Olav Sletto, og ein formidlar av rang, slik vi har vist i del I. På taleferdene trakk han oftast fulle hus og han bøygde tilhøyrarane under sin vilje, forførte dei med si forkynning. Kom han til å nytte denne formidlingsgava også i si pedagogiske gjerning i folkehøgskula? Vart det meir ro og harmoni då Olav Sletto kom heim til familien, og vart der heile året?

#### Exit Vesleheimen

Hausten 1916 var stemninga, som nemnt, laber i Vesleheimen. Det kom som ei gave at Olav nett då fekk tilbod om fast post ved Buskerud folkehøgskole på Fiskum/Eiker. Hausten 1917 var han i gang med undervisninga. Karin hadde vore mentalt langt nede, men i 1917 ser det ut til å gå betre. Olav hadde vore heime heile sommaren. Det var ho glad for. I mai 1917 selde Sletto heimen i Vollen. Skjøte er tinglyst 20.7.1917 [opplysningar frå Tor Finstad frå panterregisteret i Asker]. Karin og ungene budde likevel i Vesleheimen utover hausten, truleg i påvente av at huset dei sette seg opp i Fiskum skulle bli ferdig. Siste brevet til Olav er datert 27.10.1917. Ho er nøgd, boksalet [«Millom eldar», bok nr. 3 i Loke-kvartetten] gir økonomisk tryggleik, ungene har det bra og alle gler seg til papa-besøk. Nyehuset dei sette seg opp i Fiskum, var ikkje ferdig, og når det endeleg sto der, brann det ned til grunnen. Meir om det seinare.

#### Seks år i Fiskum – Solfeng

Då kyrkjeklokkene ringte året 1918 inn, var altså heile familien Sletto igjen samla. Olav var i gang som lærar ved Buskerud folkehøgskole. Der var Olav Langeland rektor. Relasjonen mellom dei to Olavane var ikkje heilt ukomplisert. Det kjem vi tilbake til. Men no slapp i alle fall Olav dei slitsame taleferdene, og løna kom regelmessig inn kvar månad. Ei lette for både han, og ikkje minst for Karin. Men dei fekk uventa problem. Huset dei hadde fått sett opp, og som sto klart til å huse familien, brann ned til grunnen, alt før dei hadde flytta inn. Derfor budde to vaksne og fire små ungar til leige, og heller kummerleg, den fyrste tida på Fiskum. Men etter kvart fekk dei sett seg opp eit nytt hus, maken til det som brann ned. Solfeng kalla dei det.



Sletto-familien sin heim, Solfeng, i Fiskum, slik han såg ut i 2009. Bildet er frå Arild Mikkelsens bok «Folkelig og frilynt. Buskerud folkehøgskole Heimtun 100 år», 2009. Bildet er nytta her med tillatelse frå forfattaren.

Guteknabben Bjørn kom, som nemnt, til verda i mars 1915. Han var barn nr. 3 og kom tre år før Karin ynskte det. Så vart det ei god pause til det siste barnet i Sletto-familien, Irene, kom til verda, 5.11.1919. Karin kjende seg ikkje sterk, og klaga over diffuse smerter i heile kroppen. Ho synest å trekkje seg tilbake frå Olav.

Olav går til sin nye post med solid fagleg bakgrunn, forfattar med mange bøker bak seg, talekunstnar og forkynnar, med glød for folkehøgskulen. Ein draum for einkvar styrar, kunne ein meine. Men det skulle vise seg ikkje å bli så enkelt, skriv Arild Mikkelsen i «Folkelig og frilynt. Buskerud Folkehøgskole Heimtun 100 år» (2009) og i Årshefte for Olav Sletto-selskapet 2018. Olav Langeland hadde vore styrar ved Buskerud folkehøgskule i sju år då Olav Sletto vart tilsett som lærar der, og skula han kom til var ei veletablert skule med staseleg bygning, solid økonomi, god rekruttering og ein dyktig styrar. Trass dette kom det til konflikter mellom den nyttilsette og rektor. Ein ting var ei gamal «damerøre» frå Slettos tid ved Askov Høgskole i 1908-09 som låg ulma. Sletto vart nemleg i si tid bedt om å slutte ved Askov grunna sitt dametekke, og Slettos rykte frå studietida i København var ikkje plettfritt, slik ein mann av Langelands støyping nok ville forvente. Ein annan ting var at dei hadde ulik religiøs ståstad. Sletto si tolerante og grunnleggande økumeniske haldning sto i motsetning til Langeland sitt konservative kristensyn.

Alt tidleg på 1910-talet talar Olav Sletto om at bondestandet, som han kallar det, er i krise grunna industrialiseringa og ungdommens flukt frå bygda og garden. Folkehøgskulen har, meiner han, si oppgave i å motvirke denne utviklinga. I ei tale om «Bondens sjælsliv» nokre år før han kom til Heimtun har han analysa og tiltaka klart for seg:

«Norsk ungdom i dag maa leidast heimatt til far og mor, fedrelandet, heimatt til Gud. So kvar einskild naar eit fagert personleg liv. Dette er folkehøgskulen sitt program. Eller nøgjar sagt:

Folkehøgskulen staar i eit sers høve til det nasjonale liv, det folkelege liv i landet. For [folkehøgskulen] er ein skule for livet og vil ha heile folket i tale. Og det tykkjast gaa fram av verdenssoga – aller mest fraa fedrelandssoga – at skal ein kunne tala um dei største aandelege ting til eit heilt folk, maa det fyrst vekkjast nasjonalt: Det maa vekkjast kjensle av samanheng millom alle samhaldslag, kjensle av samanheng millom den eine og folket, kjensla av plikt og offerkrav. Folkehøgskulen vil vekkje ungdom til nasjonalt folkeliv, til levande norske borgarar.

Folkehøgskulen staar i eit sers høve til det menneskelege kulturliv. For soga syner at mennesket har medfødt evne og trong til aa skapa seg ein kulturheim her paa jordi. Anten no denne kulturtrong fær utslag i diktning, kunst, politikk, vitenskap, granskning, samfunnsforbetring, eller fine og sømelege former for umgang millom menneske – ein ungdom maa uppseda seg til aa kunne leva med, ta imot, og glede seg i aandelege ting. Vere borgar av sitt lands kultursamfund.» Heile tala er gitt att i dette årsheftet.



Langeland var kritisk til Slettos pedagogiske syn, og til det han skreiv i bøkene sine. Dei hadde ulikt syn på kva folkehøgskulen skulle vera – ein stad for meir akademisk læring eller ein stad for å føre studentane inn i ei verd som ga rom for åndeleg vekst, og som førte dei «heim til mor og far» - til bondens domene. Der Olav Sletto er estetisk og klassisist, og sto i ein platonsk tradisjon, hadde han ikkje følge av styraren Olav Langeland [Arild Mikkelsen «Folkelig og frilynt. Buskerud folkehøgskole 100 år, 2009].

Olav Sletto er via plass i den lokale historia om folkehøgskula [Heimtun], men i den nasjonale fortellinga har han ingen plass [Arild Mikkelsen «Frihet til å lære. Frilynt folkehøgskole i 150 år», 2014].



Heimtun i 1913. Bildet er frå Arild Mikkelsens bok «Folkelig og frilynt. Buskerud folkehøgskole Heimtun 100 år, 2009, og nytta her med tillatelse frå forfattere.

## Studieferder 1920

I 1920 var Olav Sletto på to studieturar. Det var tredje året hans ved Buskerud folkehøgskule. Dei hadde, som vist, ikkje vore konfliktfrie. Også i Sletto-heimen sleit dei.

Fyrste turen gjekk til Stockholm nokre dagar i februar. Av breva hans går det fram at dei ikkje har felles seng heime, men at Olav vil dei skal ha det – det er ”det mest naturlege”. Og så minner han om at Karin må lære seg vera lydig, dvs. slik som han vil ha henne. Uppreistrong har det aldri vore, og er det heller ikkje no, plass til i Sletto-heimen. Frå Stockholm skriv han [15.2.1920] m.a.

«Naar eg no kjem heimatt, vil eg kunne paa betre maate liva samliv med deg. Det stolte i deg – sanningsskravet som du ber i deg – stor lengsel som du ber – stunding etter varme som du eig, det som so tidt har slege ut i sin karikatur, so du har vore hard, bitter, hemnande, konfliktsøkjande, misstrivst – det skal no faa løyse seg ut i ei varm kvinne, eit kjærleg viv, ei god mor, som gjev utan aa rekne um ho fær fullt vederlag – som gjev, og som fær tusenfald att. Og so skal me til aa lesa saman att, dele tankane ... liva og utvikle oss i lag.

Eg ser no so ljost paa framtid. Eg kjenner at det er ei framtid for oss. Me er kalla til noko. Lat oss hjelpast aat. Vente. Arbeide. Og halde oss reine og uflekka, i tanke og gjerning. Men det er no óg vilkaaret – det maa til. Den lovnaden me gav kvarandre um truskap, den lovnaden har me ogso gjeve Gud.

So i seng. God natt livet mitt. Og tomtane [ungane].

No har eg vore heimanfraa i 10 dagar. Koss de har det heime, veit eg ingenting um. **Du skriv ikkje. Stakars deg, blinde, veike livet mitt.**

**Din trufaste mann.**

Han såg fleire maleriutstillingar, var på konsertar, hørde forelesningar om den religiøse filosofien om det okkulte, også kalla teosofi, og hadde samtaler med kjente teosofar. Det ultimate målet hans var åndelig vekst.

I november gjekk studiefjerda til Sveits. Med i reisefølgjet var m.a. Ella Anker (syster av likestillingsforkjemparen Katti Anker Møller), kjent som kvinneaktivist, religiøs spiritist og utanrikskorrespondent. Det synest vera rektor Olav Langeland som tok initiativet både til turen og til at bror til Karin, skipsreiar Fritz Bryde, finansierte den. I alle fall var Olav innom hjå Brydes i Kristiania før avreise. Der vart det bydd på mat og drikke av finaste slag, hyggeleg samtale og til slutt ein konvolutt innlagt 5000 kr. til turen. Olav rosar Fritz opp i skyene. Kvar av dei to herrane Langeland og Bryde kunne nok hatt sine grunnar til å få Olav litt på avstand. For Bryde-familien var omsut for den yngste i syskjenflokket på 12 viktig, og mellom Olav Langeland og Olav Sletto kunne kjemien og mykje anna vore betre, som vi har sett.

Olav har travle dagar på studieturen, som på veg sørover gjekk turen via København og Berlin til Genève og Zürich. Heimatt la han ruta om München og København. I Berlin vart han tatt med i storbyens fattigkvarter [som Heinrich Zille har skildra som ingen andre i sine teikningar i *Das grosse Zille-Album*. Büchergilde Gutenberg, 1965].

9.11.1920 skriv Olav frå Berlin:

[...] «I dag fyrste dagen i Berlin. Og her har vore eit sprang! Det er nemleg revolution-minnedag i dag 9. november. Folk og talarar paa gata. Halte og sundskotne møtte eg mange av i dag. Mange tigg. Men elles gaar alt sin gamle gang. Noko har eg likevel set som skok meg upp noko reint forfølende: Ein ven mann som hadde faatt skjelving over heile kroppen, og sat paa gata – medan ein anna spelte dragspel til. Folk stod stume kringum.

I dag skal ein kvækar fylgje Ella Anker og meg til dei fatige strok i Berlin. Det blir nok avstyggeleg.»

I åra etter fyrste verdskrigen låg Europa i ruinar. I det nøytrale Norge hadde det vore jobbetid for dei få (mellom anna for nokre av skipsreiarbrørne til Karin Sletto) og dyrtid for dei mange, som for familien Sletto sjølv. 2000 sjøfolk hadde mista livet på havet. No var landet inne i krisetider med kronisk arbeidsløyse og inflasjon, bankar som gjekk overende og tvangsauksjonar på bygdene. Arbeidarrørsla organiserte seg og vart ein maktfaktor på 1920-talet. I 1927 vart Arbeiderpartiet det største partiet på Stortinget. Den største arbeidskonflikta i mellomkrigstida kom i 1931 med storlockout, Menstadslaget og sympatistreikar. Dette var tonar Olav Sletto i all si tid hadde ottast for. Massene var ikkje for korkje han eller Karin.

Vi skriv 1920. Olav er i Europa. Det er berre to år sidan fyrste verdskrigen var slutt, og eitt år etter at Versailles-traktaten vart undertekna. Den tapande part vart hardt straffa, trass gode forsetter om at så ikkje måtte skje. I ettertid ser mange at i denne traktaten låg kimen til andre verdskrigen. Men då Olav kom til Berlin, var arbeidet for varig fred i gang. Folkesambandet vart ein realitet. Norge gjekk med alt i 1920, mens Tyskland slapp inn fyrst i 1926. Det som fyrst møtte Olav Sletto i Berlin, og som umiddelbart gjorde så sterkt inntrykk på han, var kvardagen; eit gatebilde sterkt prega av offera for bomber, kul-er, gass og andre uhyrlegheiter frå krigens skrekk-velde.

Men Olav Sletto og Ella Anker var også med på møter i Folkesambandet, og i Genève hørde han Robert Cecil's store tale om fred. No galdt det å sikre varig fred – og å skapa eit organ for mellomfolkeleg samarbeid, eit Folkesamband for alle nasjonar, der den einskilde stat skulle forplikte seg til ikkje å gripe til våpen, ikkje gå til krig, men binde seg til forhandlingar – under full offentleg kontroll.

Engelskmannen Robert Cecil, blokademinister under krigen, var ein av frontfigurane i dei tre fyrste åra av Folkesambandets arbeid 1920-22. Saman med han sto svenske Hjalmar Branting og norske Fridtjof Nansen. I 1937 fekk Robert Cecil, då Lord Cecil of Chelwood, Nobels fredspris.

På det same møtet tala Fridtjof Nansen om repatriering av krigsfangar og flyktningar etter fyrste verdskrigen. Det Olav Sletto høyrde gjorde inntrykk, og må ha styrka hans pasifisme. Midt i storhende for Europa, er likevel tankane hans i Solfeng. Frå Genéve skriv han (18.11.1920):

[...] «I gaar høyrde eg det store foredraget av Robert Cecil. Det kjem truleg til aa gaa verdi over. I dag skal Nansen halde foredrag um sitt arbeid med fangane.

I morgon reiser eg til Zürich med toget 6.50 i morgon tidleg. Dersom eg fær lov, tek eg nordover um München. Og er der ein par dagar. ...

Dersom eg no hadde visst at de der heime hadde havt det godt, so hadde allting vore mykje betre for meg. Men her er ikkje noko brev kome endaa. ...

Kjære, hugs paa at eg er like glad i deg, korleis du so enn er hard mot meg. Gode armar um deg og borni.

**Din trufaste mann!**

Om han gler seg over fredsarbeidet i Europa, er Olav Sletto uroa over ufreden i heimen. Også i andre brev klagar han Karin for ikkje å skrive, at ho konstruerer konflikter i heimen, er for sjølvhevdande – kort sagt ikkje er det livet han vil ha. Og når brev heimanfrå kom, ei sjeldan gong, vart han ikkje nett roa ned. Frå München skriv han 26.11.1920 m.a.:

[...] «Men daa eg opna brevet, var det so underleg – so hjelpelaust og hardt. So vondt som du maa ha det! Som suggererar deg sjølv upp til du kjenner deg ulukkeleg og aaleine – kjenner at din trong etter kjærleik blir ikkje møtt. Som ikkje vil eller kann sjaa at eg elsker deg med ein ”mannleg” kjærleik – ein kjærleik som har evne til aa halda ut heile livet.

Du maa sjaa og ogso elske mitt livskall, kjære Karin. Som du no har byrja, set du **alt som er mitt arbeid – og min produktive natur – til aa vera egoisme.**

Eg er redd for deg. Du er sterk og traassig – eg er so rædd at du trør ned det du har, og fantaserar deg atter burt paa K.borg. Og folk! [her siktar Olav til familien på Katrineborg i Sandefjord]. For du har eit sterkt kjærleiksliv. Du er ikkje sterk. Men din vilje er rein, din lengsel fin, din trong er etter forstaaing, varme. Men du skynar av alt minst deg sjølv – kropp og sjæl med sine drifter. Og du vil ikkje forstaa meg som eg er, men som du hadde tenkt eg skulle vera. Og du diktar til ei krise millom oss. Og piner meg – eg er so saar, so saar.»

**Din trufaste mann!**

Han er uroa over stoda i heimen og ei Karin som er sterk og trassig, som ikkje er sterk, som ikkje skjønar Olavs maskuline kjærleik og som ikkje anerkjenner livskallet hans – å vera forfattar. Sterke anklager, sårt sinn.

Men kven er det Olav Sletto eigentleg skriv til? Ein tredje person han visste ville lesa breva hans i ettertid? Eller kona si? Eg undrar, fordi eg merka meg eit skifte i Olav sine brev heim alt hausten 1915, den nest siste hausten han var på reisefot i Norge. I tidlegare brev var eg aldri i tvil om at det var Karin har

stila breva sine til, men så - i brev frå taleferda i Trøndelagen og Møre og Romsdal denne hausten, var han ekstra nøye med å skrive kor mykje pengar han sende, spurde om ho hadde fått dei, hylla henne som madonna og dronning, og sette henne på den plassen han ville ha henne: I heimen – og berre der. Han gjorde henne til eit sjukeleg menneske som han var redd ikkje greidde ta vare på seg sjølv osb. Han var aldri, slik eg les breva, innom tanken at Karins reaksjonar kunne vera sunne og dekkande reaksjonar på dei premissane for liv og samliv Olav sjølv sette. Kanskje var det også slik at ho etter kvart gjennomskoda at i Olavs omsorg låg også mykje kontroll, og at ho levde i eit konstant krysspress mellom barna og barnas far om hennar merksemd – som mor? For ho skulle jo ikkje berre vera mor for dei fire små, ho skulle også vera mor for sin mann, slik vi har vist i del I av denne artikkelen.

Når eg les Olav og Karin sine brev, får eg eit unikt innsyn i deira indre familieliv, slik dei sjølve skildrar det. Men deltakar i deira liv, det er eg ikkje, sjølv om eg til tider har kjent det slik. Der skal ein heller ikkje vera. Skal ein granske andres liv, må ein halde seg i observatørposisjon. Vart eg for mykje av ein deltakar, var det om å gjera å klyve opp på utsynshaugen att, ellers risikerer ein ikkje å bli tatt på alvor som granskar. Eg ser altså inn til dei utanfrå, som tilskodar. I ei annan tid enn mi eigen. Det fargar framstillinga.

Eg minner om at breva eg arbeider med er lagt til arkivering av forfattaren sjølv – med tanke på seinare gransking. Berre det kom med som han ville dele med slike som meg.

### **Familielivet i Solfeng sett utanfrå**

Men det fanst dei som såg Sletto-livet berre utanfrå – i samtid, som venen Lars Reinton og studiekameraten frå Voss folkehøgskule, Ingvald Skjelderup. Korleis tedde familielivet seg i deira fortelling?

Sletto refererer i brev til Karin kva Lars Reinton har sagt til Ella Anker, som var med i reisefølgjet hans:

«Veit du kva Ella Anker sa? Lars Reinton hadde tala um deg til henne paa Geilo. Du og eg var so like, hadde han sagt. Me tok oss so godt ut i saman. Det var ei stor vinning for ungdomen paa skulen og sjaa eit so fint ekteskap! – Eg vart so glad, daa eg hørde det. Der fær dei sjaa – trufast i det smaa, det er siger og i det store. Folk legg nok merke til ... (21.11.1920 frå Zürich).»

I 1921 og 1922 var truleg Olav opptatt med undervisning ved Buskerud folkehøgskole, og dermed var det heller ingen brevveksling mellom ektefellene. Men i 1922 svinga ein bladfyk frå nynorskbladet «Den 17de Mai» innom. Han var ein studiekamerat av Olav frå tida ved Voss folkehøgskule, og gir denne skildringa av sitt møte med familien på Fiskum:

«Møter husmori, Karin Bryde Sletto, det heimkjære vivet paa trammen. Helsar! ...

Eg fylgjer gjenom stova. Sletto sjølv sit ute paa stupen – verandaen – og skriv paa ei ny bok. Me helsast!

Orsak at eg kjem uroar deg i arbeidet ditt!

Nei so min sann er du ute ferdast! Velkomen! Sit ned og ver som heime.

Ja, her er godt aa vera. Ein velstelt heim i ei fager bygd.

Fiskum – Darbu – er eit storlagt stykke land. Her maa baade sjel og lekam kunna leva. ... God er jordi. Logn er dalen. Og veks gjer det godt baade paa bø og i hagar. ... Her er dette paradiset, paa eit hyrna av prestegardsjordet har huslyden Sletto bygt Solfeng, den unelege heimen sin. Det er ikkje noko slott, men hjelpeleg og godt. Han lyser av glede, er freda og signa. Rosor og andre blomar, raude og kvite, gule og blaa lyser og lær i sine prydelege klæde og signar arbeid, helse og lyd. – Heimen deira er velsigna med

fire helsuge, gladværuge born, Eva, Randi, Bjørn og Irene som spring, hoppar, syng og lær og stundom græt, - tonefylgje i dagens strid. Herlege eignar, gudgjevne skattar som gjev livet verd og strevet mein- ing.» Heile intervjuet er gitt att i dette årsheftet.

Om det knakar i samanføyningane i heimen, syner dei den vellukka familien utad, desse to. Så vel vener som andre meir fjerne kjenningar ser berre overflata, kan det sjå ut til. Men truleg ikkje Karin sin familie. Der vart den minste sett og hjelpt på måtar som ikkje skulle kunne slå tilbake på henne, som t.d. økonomisk hjelp til Sveits-turen i 1920.

I dei seks åra Sletto var ved Buskerud folkehøgskole, ga han ut fire bøker, alle med religiøst-historiske emne [Dagning 1920, Geisli 1920, Stefanus 1921, Porten 1922]. Det var forfattar Olav Sletto var. Og truleg forkynnar og talar – også i rollen som lærar.

### «Eg andar fritt – for fyrste gong på 6 år.»

#### Sletto sine 17 år på Årnes/Sørumsand

I 1923 går draumen om eigen skule i oppfylling for Olav Sletto. Han får post som styrar ved Romerike folkehøgskole. Seks år ved Buskerud folkehøgskole er lagt bak. Sletto sjølv skriv frå Årnes 27.10.1923: «...- her er eg fri for all den smaalege venda på Heimtun [Buskerud folkehøgskole] og alt fusket. ... - Mine lærarar er fyrsterangs...faatt hjelp og velvilje av Høgskulelaget - gudskjelov. ... Eg andar fritt – for fyrste gong på 6 aar».

Sletto kom visst aldri heilt til å gløyme Olav Langelands lange nei til å gi han ein post ved Buskerud folkehøgskole og konfliktane den tida han var lærar der, som vi har vist ovanfor.

Lars Reinton skriv i eit brev til forsvar for Olav Sletto seinare på 1920-talet at Sletto fyrst og fremst var kunstnar, og difor måtte møtast på ein annan måte enn ein vanleg lærar, både med omsyn til løna [som låg noko høgare enn vanleg lærarløn], pedagogikken [undervisning eller forkynning/talekunst?], korleis ei folkehøgskule skulle drivast – og tid til skriving.

På Årnes ligg eit stort stykke arbeid framføre. Han flyt til sin nye arbeidsplass i 1923 og byggjer skula si opp etter sine egne idear om kva ei folkehøgskule skal vera. Idealet sitt har han skildra m.a. i essaysamlinga «Geisli» [1920] og i taler han heldt om folkehøgskulen både i Norge og Polen [høyr Jørn Øyrehagen Sunde sitt foredrag om talaren Olav Sletto på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) /taleferdartiklar]. I stuttform skulle Slettos folkehøgskule vera ein møtestad for sjølvstendige individ, for oppseding til eit åndeleg og moralsk liv, og til respekt for arbeid knytt til jorda. Elevane sin eigen kunnskap skulle takast på alvor, og pedagogikken skulle vera dialogbasert.

### Lærar eller/og forkynnar?

Lars Eskeland var Sletto sin lærar og rektor på Voss. Om dette skriv Arild Mikkelsen i Olav Sletto-selskapets Årshäfte 2018 [s. 7-14] at «Olav Sletto møtte det folkelege i ei nasjonal utgåve, han møtte det nasjonale i ein bondsk utgåve, han møtte det levande ordet som landsmål, og han møtte det munnlege i form av inspirerte foredrag.» Eskeland var dertil ein talekunstnar av rang, og han drilla studentane sine i talekunst. Det hadde Olav Sletto stor nytte av. Men, spør Mikkelsen, var det slik at Sletto sine foredrag skapte godt rom for samtale mellom elevane etterpå? Det er ikkje godt veta, skriv han, mens eg tenkjer at Olav Sletto også i lærarrollen truleg fyrst og fremst var forkynnar og talekunstnar – som Lars Eskeland var det. Monologen sto truleg sterkare enn dialogen i Slettos pedagogiske praksis. Han gjorde det han var best til.

Godt omdømme hadde han i alle høve som lærar, same kva metodar han nytta som formidlar. I tillegg til undervisninga, hadde han også det administrative ansvaret for Romerike folkehøgskole, som i 1929 vart til Romerike ungdomsskole – mot Slettos vilje. Alt det fyrste året trekkjer han mange elevar, og som åra går, er talet på søkarar fleire enn dei han kunne ta inn.



Det er ei rik tid for Olav Sletto som folkehøgskulemann.

I brev til Kristofer Uppdal [18.2.1924], stadfester Olav Sletto at søknaden til skula er svært god, og at han:

«Nett no staar [eg] i ferd med aa faa reist ein garanti paa 150 000 kr. til skulebygning – og treng ha litt stytte i ryggen. Best vilde det vera um di melding av mi dikting [av Signum Christi] kom i «Nationen» - den er det som blir lesen her over Romerike».

Dei skilte ikkje alltid mellom private og offentlege pengar, idealistane som bygde folkehøgskulane i Norge.



Bildet viser elevar og lærarar ved Romerike ungdomsskole 1929-30 med rektor Olav Sletto i midten øverst.

Skula stilte styrarbolig til rådvelde for den nytilsette, men det tok tid før Karin og ungane kom etter. No, når dei bur kvar for seg, går det av breva fram at det anstrengte forholdet er ved å løyse seg noko opp, og at det er meir rom for barna i heimen. I brev frå Solfeng datert 18.10.1923 skriv ho m.a.:

[...] «Barna og jeg har det så godt. De er ofte inde hos mig nu. Og er saa stille og snille mot mig. Og jeg frygter verken ensomheden eller vintermørket – tvert imot!

Hjertelig hilsen fra os alle. Karin.»

Karin har lenge vore kronisk utmatta, og ho søker hjelp mange stader, etter kvart også hjå Marcello Haugen (1878-1967). Mange, især kvinner, søkte han, sjølv om han av ekspertisen og fleire andre vart sett på nærast som ein kvakksalver. Det var ingenting i vegen med hennar mentale kraft, fekk ho veta. Ho var nøye på å la Olav få del i den vurderinga. Kanskje streva ho med å få anerkjennelse som åndsmenneske av mannen sin? Det kunne ho nok spart seg. For Olav var Marcello Haugen, slik eg forstår forfattaren og åndsmennesket Olav Sletto, neppe av dei han såg på som noko fara etter. Tvert om.

Karin brukte urter og tok daglege bad, og måtte ha total stillheit og ro. Det lærte ungene raskt. Olav var ikkje begeistra, men kunne lite gjera frå det fjerne. Det er sjølvstapt «pige» i huset, men likevel er han er uroa for Karins helse og korleis ungene har det. I brev frå Årnes 28.10.1923 klagar han igjen over at Karin ikkje skriv til han.

«No ventar eg enno nokre dagar, og kjem det ikkje brev – so fær eg skriva til Hexeberg som er presten vaar, og faa han til aa faa ei samtale med deg. Eg maa veta visst kva dette skal tyde. For dette drep arbeidskrafti mi.

God natt! Din trufaste mann!»

Ein kan jo undre seg over kvifor han skriv at han vil seta Hexeberg, «som er presten vaar», på saka. Mot-takaren av brevet visste like godt som avsendaren kven som var «presten vaar». Igjen: Er det Karin som er adressaten, eller den som studerer brevvekslinga 100 år etter?

### **Mor på besøk i Sørumsand**

Også ved denne flyttinga samla familien seg etter kvart der Olav budde. Ungane vaks til, og eldstedottera Eva (1912-2006) var elev ved Teaterskolen i Oslo, men budde heime hjå far og mor. Styrarbustaden ved skulen, som Olav kallar «ein humanistisk heim», var ein stad der folk kom og gikk. Her var god plass til langvegsfarande å overnatte. Ein dag dukka eit besøk opp som, kan det sjå ut til, kom som ei overrasking på alle, unntatt Olav. Det var mor hans, Anne, gift Olsen [1867-1946]. I eit brev til Osvald Medhus i Hol, datert 21.4.2000 skriv Eva om dette besøket:

«Jeg har sett Anne 1 gang. Jeg kom hjem med toget, fra skolen i Oslo. Hun var flott å skue i sin Hallingbunad. Jeg tenkte med engang på «Fru Inger til Østråt». Hun var kommet med 10-toget om morgenen og skulde reise tilbake til Oslo om aftenen. Jeg husker jeg syntes det var så rart, - for alle som kom til oss – overnattet, - vi hadde jo 2 gjesteværelser. Efter dette kom det julegaver til far, fra moren.»

Dette var tredje gongen mor og son såg kvarandre, så vidt vi kan skjønne. Fyrste gongen var i Sletto, då Anne kom med Jenny, halvsystem til Olav. Han var berre småguten då. Andre gongen var på Geilo, der han besøkte mor si i «Villa Lunde» før han held tale på Dr. Holms hotel om kvelden. Han var på taleferd oppover Hallingdal i februar 1915 (Eva Almhjell/Jørn Øyrehagen Sunde: Anne Sletto. Eit kvinneportrett, Boksmia 1915, s. 42 og Eva Almhjells taleferdartikkel frå Hallingdal i Årshefte 2018). Då Anne døydde sommaren 1946, var ikkje sonen med i gravferda. Han var sjuk.

### **Bingen i Sørum**

Styrarbustaden ved Romerike ungdomsskole var altså familien Sletto sin heim heilt til tyskarane jaga dei derifrå og knuste talarstolen hans i 1943. Resten av krigen budde dei på Bingen gard i Sørum. Om denne tida veit vi lite, men av eit minneord i Aftenposten 27.8.2002 etter Randi Dammen, barn nr. to i Sletto-familien, veit vi at motstandsfolk på flukt fekk kvile seg hjå Olav og Karin Sletto før dei vart tatt over til Sverige [sjå Eva Almhjells artikkel om æresretten i dette årsheftet]. I 1946 måtte dei vike husrommet for ein ny gardsforvaltar. Det var ei heppe, då, at Olav og Karin kunne flytte inn i huset til mor hans, som døydde sommaren 1946, på Geilo.

### **Litterær produksjon på Sørumsand og Bingen**

Olav Sletto hadde ein uvanleg stor arbeidskapasitet. På toppen av travle dagar som rektor og lærar, skreiv han og ga ut 18 bøker frå Sørumsand, av dei ein dramatrilogi [Gamle Vehall, Skrinet, Flaum]. To av dei vart oppført ved Det Norske Teatret, «Skrinet» - livet og lagnaden til ein norsk 1900-tals-bonde - i 1934 og «Gamle Vehall – ei bondetragedie frå begynnelsen av 1800-talet - i 1936. Olav Dalgard meiner Olav Sletto hadde ei nerve som dramatistar som han hadde kunna utvikla vidare (Dalgard i «Ei bok om Olav

Sletto, Samlaget 1966). Fem-seks av bøkene frå Romerikstida hadde religiøst-historisk innhald. På dei var det laber respons. Han var utanfor si tid med sine religiøst-historiske tema, vart det sagt. Kvifor heldt han likevel fast ved dei når kritikarane vende tommelen ned? Forklaringa gir han sjølv: han forholdt seg ikkje til hovudstadskritikarane. Han kjende seg nedtagd og hadde avskrive dei. Og slik Olav Sletto sjølv såg det, valde han ikkje alltid sine litterære tema. Han hadde eit kall - frå Det Høge. Det måtte han følgje.

Men han gir også ei meir intellektuell forklaring i det før siterte intervjuet med Ingvald Skjelderup i «Den 17de Mai» 9.8.1922:

### **Mennesket – sjæli er alt for meg. Og ho er i det meste lik til alle tider.**

«Det er vel helst notidi bokmennene vaare teiknar av? spør intervjuaren.

«Det har vore moten millom diktarane etter 80-90-ari, at berre notidi kann vera emne for diktverk. ... Diktarane har meint at dei skal kunne konstruera uppatt dei gamle tider og menneske for notidi. Den diktingi er truleg mindre verdfull som dikting, og kann aldri bli objektive sanne vitnemaal um eldre tider, soleis som sakleg vitskapleg gransking kann vera det. So eg har teke støde langt burte fraa denne litteratur-art. Eg søkjer difor «historisk sanning» berre so mykje at eg fær eit klaart miljø og fast grunn for karakteristikken. Sidan er mennesket – sjæli alt for meg. Og ho er i det meste lik til alle tider. – Desse fyrrtidsemne er for min part det beste middel til aa vekkja nokre serlege hugdrag og kjenslor i lesaren – rett nok kjenslor som ligg ovanum kvardagen og den lægste drift – kamp – men kjenslor som har rett til aa bli vekte og styrkte i eit menneske. Eg ser det meir og meir slik at venleiks-sansen og den religiøse evna er det høgste i menneskesjæli.»

Så vendte han attende til heimstaddiktinga. I 1939 kom den fyrste av i alt fire bøker om Per, «Per Spegil». Dei tre andre vart gitt ut under krigen (Per Sjølv 1940, Per Stavlang 1941 og Per Spelmann 1942). I 1943 og 1944 kom dei to fyrste binda av «Soga um Røgnaldfolket», «Under Solhov» og «Ættbunden», skreiv han frå forvisningsstaden Bingen i Sørumsand. Dei tre siste binda kom då han var komen til Geilo: Jordfast 1946, Fyrste glimt 1949 og Dag 1950. Hovudkarakteren var presten Silju og hans strev i skjæringspunktet mellom prestegjeringa og kunsten. Bøkene, også kalla Silju-serien, var også ei skildring av det store hamskiftet – på bygdenivå, skrive med lun humor og djup innsikt i sitt tema. For desse bøkene hausta Olav Sletto stor fagnad, og åndsfrenden Alf Larsen melde Silju-bøkene i eit 30 siders essay. Han var kjent som ein ærleg og skarp kritikar, men Sletto fekk ei solid og positiv omtale av poeten frå Tjøme. Boka om Hans Nilsen Hauge, «Broder Hans», ga Sletto ut i 1948 og i 1951 kom eventyrromanen «Skri-net skal opnast um hundre år».

Frå tida etter at familien samla seg i Sørumsand omkring 1923, er det ikkje så mange brev å finne i Sletto-arkivet. Frå krigsåra har vi heller ikkje funne nokon brev mellom ektefellene. Men av eit minneord etter Randi Dammen, Sletto-dotter nr. to (1914-2002) går det, som nemnt, fram at foreldra hennar opna sine dører for motstandsfolk på flukt, «og mer enn én gang fikk fangene og losene lov til å hvile hos dem før ferden gikk videre over grensen.» (Aftenposten 27.8.2002).

### **Olav Sletto og krigen**

Olav Sletto hadde tatt i mot kunstnarløn under krigen – frå nazistyrsmaktene. Og han ga ut bøker. Slik gjorde ikkje gode nordmenn i krigstid. Han fekk mykje tyn for dette etter krigen, og vart av Den norske Forfatterforening sin æresrett dømt til ikkje å utgi bøker fyrste året etter krigen og til å betala attende kr. 5000 som han hadde mottatt som forfattarstipend frå nazistyrsmaktene. Dette kravet vart ettergitt etter søknad frå Sletto. Han var sjuk etter hjarteinfarkt i 1941, og fekk berre ein liten invalidepensjon – i 1944. Han hadde ikkje dei pengane, så enkelt var det. I 1948 var endeleg medlemskapen hans i Den norske Forfatterforening (DnF) i orden att. Arne Skogheim har skrive utførleg om dette i Olav Sletto-selskapets Årshefte 2004.

I 1950 fekk Olav Sletto kunstnarløn på 800 kroner årleg frå Hol kommune. I 1960 fekk han statens kunstnarløn – kr. 9000 for året. Sjå artikkelen om Olav Sletto og orsakinga frå Den norske forfatterforening i eigen artikkel i dette årsheftet.



## Olav Sletto i norsk litteratursoge

I 2018 siterer Jan Inge Sørbø i sitt storverk «Nynorsk litteraturhistorie» (Samlaget 2018) Jørgen Handeland: «Olav Sletto høyrer til stortrea i nynorsk bokheim». Bjarte Birkeland slår også fast at namnet hans vil bli ståande i norsk litteraturhistorie. 44 bøker skreiv han frå 1908 til 1963. Ein imponerende produksjon. Likevel er han mindre kjent enn andre i sin forfattar-generasjon: Sigrid Undset, Johan Falkberget, Olav Duun. Det, skriv Sørbø, kan ein undra seg over, for produksjonen hans imponerer både i mengde og kvalitet. Med lokalt utgangspunkt i Hol i Hallingdal utvikla Sletto seg til ein «døl» av Vinjes type, ein som var både «Internasjonal og moderne, lokal og tradisjonalist» for å bruke professor Jørn Øyrehagen Sunde sin tittel på foredraget han held til Olav Sletto-dagen 2017 om Olav Sletto som talar ([www.olavslettoselskapet.no /taleferd artiklar](http://www.olavslettoselskapet.no/taleferd artiklar)). Ein kan også si at målmannen Olav Sletto var del av det Stein Rokkan kallar den motkulturelle rørsla med brodd mot hovudstadsdominansen i norsk kulturliv.

Olav Sletto fekk, som vi no har sett, av ulike årsakar ikkje den anerkjennelse han hadde fortent som forfatter. Det same kan seiast om hans innsats og rolle som folkehøgskulemann.

Ein kan lure på om det var ein slagen mann som flytta til Geilo, og slo seg ned i huset til ei mor han knapt hadde møtt. Det er ikkje noko som tyder på det. Olav Sletto heldt oppe driv og skaparevne. Sin store arbeidskapasitet beheldt han helt inn i sine siste år.

## Alderdom på Geilo

Det finst nokon få brev mellom Olav og Karin frå åra etter krigen. Av dei forstår vi at for Karin var Geilo ein stad å mistrivast. Dette blir stadfesta av eldste barnebarnet, Eva Cecilie Sletto, som tidvis budde hjå besteforeldra sine. Karin var plaga av sterke hovudsmerter, leddgikt og alt som gale var. I Vestfold hadde ho sine røter, i eit materialistisk sjøfartsfylke, der den åndelege status var at «folket var daude som stokkar», for å bruke Olavs eigne ord frå taleferda han gjorde i Karins heimfylke vinteren 1914. Olav meinte Karin, som resten av hennar familie, leid av nevrasteni, noko som hang saman med deira materialistiske livsorientering. I våre dagar ville Karins tilstand kanskje heller vorte kalla kronisk utmattelsessyndrom. Frå 1948 reiste ho fleire gonger til Oslo på kur, og budde dels på kurhotell og dels heime hjå døtrene sine, Eva og Randi. Dei, og broren Bjørn, prøvde å få henne inn hjå fagfolk (dr. Seyffert m.fl.) som kunne gi behandling med varig verknad. Det endte med høge rekningar, som Olav fekk betala, og retur til Geilo. Begge deler sleit på Olav, som ville ha ro til å skrive. Det var forfatter Olav Sletto var.



Villa Lunde på Geilo, sett opp av Anne, g. Olsen, i 1913 og heim for Olav og Karin Sletto 1946-1958. Foto: E. Almhjell, 2016.

Den attendeflutte holinga levde eit aktiv liv på Geilo. Han laga eigne kurs i bibellesing og var med som talar i mange tilstelningar i bygda. Ein ivrig brevskrivar var han heilt til det siste, og i åra etter krigen utvikla venskapen mellom Tjøme-forfattaren Alf Larsen og Olav Sletto seg til eit djupt åndsfellesskap. Om dette har Arild Mikkelsen skrive i sin introduksjon til Larsens bokmelding om «Soga um Røgnald-folket» i Olav Sletto-selskapets Årshefte 2013. Då eg las breva mellom dei to, merka eg meg at Alf Larsen og Olav Sletto i det meste var «motsatte», som Larsen kallar det, men dei hadde det til felles at dei hata modernismen. Dessutan var dei samde om at dei levde i ei åndsforlatt tid.

### **Ikkje Karin, men det bildet han skapte av henne, var det Olav Sletto elska**

Karin reiste til Oslo så ofte ho kunne. I 1953 toppa det seg – igjen – mellom ektefellene. Karin var i Oslo, men ville attende til Olav. Han var dyktig lei alt sjukdomsprat og sette som krav at ho ikkje skulle si eit ord om sjukdom om ho kom tilbake. Dessutan hadde han fått ei ny innsikt. Etter 43 års ekteskap gjekk det opp for han at det slett ikkje var mennesket Karin han hadde elska, men det bildet han sjølv hadde skapt av henne. Så var altså Karin på rett spor alt i april 1911, då ho ber han senke temperaturen i breva sine frå taleferda i Agder [taleferdartiklar på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)]. Ho meinte at han ikkje kjende henne, og at det ikkje var så enkelt som at alle dei gode eigenskapar han tilla henne, stemte. Det auga var Olav blind på. Han hadde sitt prosjekt. Karin skulle bli hans, og det målet nådde han. Men sjølinnsikten kom fyrst etter 43 år. Kva Karin tenkte om det, veit vi ikkje. Kanskje svara ho mannen sin, kanskje ikkje. Og om ho svara, kan mannen hennar ha bestemt at det brevet ikkje skulle med i arkivet.

### **Liv og samliv i reinleik og utan svik**

Dei var samde, dei to unge, nyforelska i Vesleheimen: Liv og samliv skulle levast i reinleik og utan svik. 43 år seinare steig, som nemnt, ei sjølvverkjenning i Olav Sletto. Han stadfester Karins eigen innsikt frå 1911. Bildet var det han elska, ikkje Karin – mennesket Karin. Ringen er slutta. Er ikkje dette eit svik frå Olav si side? Karin Bryde var ei litterært skolert kvinne av høg byrd, men kva moglegheiter hadde ho til å stille opp på slike premisser?

Eg har tenkt Karin ikkje berre vart skapt i Olav Sletto sitt bilde, men at til dette bildet høyrer at ho også var hans pedagogiske prosjekt. For mens han overgår Salomo i si lovprising av Karin frå fyrst av, er det som ho fell i verdi etter som ungane kom og tok merksemda hennar. Ho las mykje, men ho las feil bøker. Han instruerte henne i å lesa litteratur som ga åndeleg vekst. Eit par timar dagleg...med to-tre småungar om føtene. Ho prøvde, men det vart ikkje bra nok. Hans mål var å realisere hennar åndelege potensial, slik han meinte han hadde gjort for eigen del, eller i alle fall var på god veg til å gjera, men ho var for rotfesta i sin materialistiske familie, slik Olav Sletto såg det. Kanskje var dette eit prosjekt han langsamt ga opp? Til hennar fortvilning?

På den andre sida: Bygde Karin tilsvarande opp eit bilde av Olav? Visst var hans bakgrunn vesal sett opp mot hennar, men kanskje held ho seg med bildet av ein forfattar som aldri nådde dit hennar draum var? Ein med litterær og økonomisk suksess, ein som kunne gi henne fast økonomisk grunn under føtene? Gi henne ære og berømmelse? Og gi henne handlingsrom til å vera noko – for seg sjølv, og saman med mannen sin? Eller kanskje var det slik at Karin drøymte om å dele Olavs åndelege verd, men at ho opplevde seg avvist? At ho ikkje strakk til? At Olavs overmakt intellektuelt sett, var det einaste han hadde spela på i kampen mellom dei to? Der han visste seg vinne? Vi kan ikkje veta det for visst, men at livet med åra vart levd langt frå draumen om det «fuldkomne», det kan vi med rimeleg visse slå fast. Heimen vart ikkje det tempel med opne dører mot verda, som dei bae hadde drøymt om. Også varmen innad kolna som åra gjekk.

Olav var ein einstøying, både i livet og i mykje av diktinga si. Han var makalaus i heimstaddiktinga si, og ein stilist utan like. Han skreiv med godheit, og levde i mangt i den verda han sjølv dikta, mens den reelle verda var han ein åndsforlatt stad. Karin var litterært skolert, breva hennar har like mykje som Olav sine litterær kvalitet. Ho var, sjølv om ho kjende seg annleis, del av ein stor familie som var der for henne, også i vonde dagar. Begge var svakhelsa halve livet. Begge kjende på einsemda i seg sjølve.

Etter tre «rømmingar», som Olav kallar det, kom Karin attende til Olav på Geilo i 1955, ser det ut til. I den grad ho orka, vart det nok fleire byturar – for å overleva livet i «stasjonsbyen» Geilo, men frå no var Geilo den faste basen. I 1958 flytta begge til Geilotun aldersheim. Der var dei til Olav døydde i 1963 og Karin i 1965. Mens Olav heldt seg mentalt frisk til det siste, ordna med sortering av brev og anna til arkiv og/eller brenning, tok imot besøk og skreiv, vart Karin meir og meir borte for denne verda. Desse siste åra har han skildra i «På alderstun», den siste boka i Olver-sekstetten, hans sjølvbiografiske kunstroman.



Dei stilte skyhøge krav til seg sjølve, sin kjærleik og sitt samliv, Karin og Olav Sletto. Men dei var berre menneske, dei som oss. For det fortener dei respekt, som oss. Den heite kjærleiken som brann ut, det at draumar vart knuste - dei er ikkje aleine om det, heller.

#### KJELDER:

4-500 brev mellom Karin og Olav Sletto, 1910-1955.

#### LITTERATUR:

Eva Almhjell: Hemmeleg kjærleik og giftarmål i det dulde. Stormfull kjærleik og vigsle hjå byfogden i Drammen 27. juli 1911. Rundt om Drammen, nr. 2/2018.

Eva Almhjell: «So mykje som 8 dagar kan eg vel spandere på min fødedal. Ei vinterferd i Hallingdal 1915», Olav Sletto-selskapets Årshefte 2018.

Johs. A Dale/L. Reinton: «Ei bok om Olav Sletto», Samlaget 1966.

Eva Almhjell/Jørn Øyrehagen Sunde: «Anne Sletto. Eit kvinneportrett», Boksmia 2015.

Arild Mikkelsen: «Folkelig og frilynt. Buskerud folkehøgskole Heimtun 100 år», 2009.

Arild Mikkelsen: «Frihet til å lære. Frilynt folkehøgskole i 150 år», 2014.

Jan Inge Sørbo: Nynorsk litteraturhistorie, Samlaget 2018.

Olav Sletto: Geisli, 1920.

Olav Sletto: Elveland, 1924.

Olav Sletto: Olver-bøkene (Norli 1954-63).

Ingvald Skjelderup: Intervju i «Den 17de Mai» 9.8.1922.

Årsheftene for Olav Sletto-selskapet 2002, 2004, 2007, 2012, 2013, 2017, 2018.

## «- sjæli er alt for meg». Sletto-liv sett uttate.



Bildet er frå Arild Mikkelsen (red.) «Folkeleg og frilynt. Buskerud folkehøgskole Heimtun 100 år», 2009, og lånt ut av forfattaren.

Dette intervjuet sto å lesa i nynorsksbladet «Den 17de Mai» 9. august 1922. Det er gjort av bladfyken Ingvald Skjelderup, som var på jakt etter gard. Jakta førte han til Fiskum, der hans studiekamerat, Olav Sletto, frå Voss Folkehøgskule, budde.

Skjelderup såg livet i Sletto-heimen, Solfeng, frå utsida, og skildrar det i panegyriske vendingar.

Breva mellom ektefellene frå åra på Fiskum syner innsida av familielivet. [Sjå «Han hylla livet, men femna det ikkje» i dette årsheftet].

Ulike kjelder gir heilt forskjellige bilder av livet i Solfeng og på Fiskum.

Intervjuet er transkribert av Eva Almhjell.

Eg er ute og flakkar. Driv leitar etter gard og – Ærendet førde meg til Fiskum. Her bur diktaren og høgskulemannen Olav Sletto, og sidan me er kameratar fraa Voss Folkehøgskule, svingar eg like so godt framum til han.

Møter husmori, Karin Bryde Sletto, det heimkjære vivet paa trammen. Helsar!

«Nei, god dag Schirmer, straalar ho. –

Bryr meg ikkje med aa retta. Veit ho kjenner guten fraa i fjor. Det er berre namnet ho misminnest. So veit eg óg at Schirmer er ein velkomen og vyrd mann i heimen til Sletto-lyden. Eg fylgjer gjennom stova. Sletto sjølv sit ute paa stupen – verandaen – og skriv paa ei ny bok. Me helsast!

Orsak at eg kjem uroar deg i arbeidet ditt!

Nei so min sann er du ute ferdast! Velkomen! Sit ned og ver som heime.

Ja, her er godt aa vera. Ein velstelt heim i ei fager bygd.

Fiskum – Darbu – er eit storlagt stykke land. Her maa baade sjel og lekam kunna leva. Gilde gardar held kvarandre i hendene rundt eit stort vatn. Side um side, tett i tett ligg dei og speglar seg i det friske, myrke vassauga. Og ovanum er dei kransa av skog, skog so langt ein ser. Alt fortel um nyttefang og velstand. God er jordi. Logn er dalen. Og veks gjer det godt baade paa bø og i hagar.

Me er ute reikar um kvelden, dei tvo og eg. Sletto prisar bygdi. Kjøp deg gard her og slaa deg til, so fær du det godt, so finn du fred. Her er det grøderik jord, sol og sumar. Her har me ein folkehøgskule, trivnad og framtid.

Ja, ein blind maatte kunna kjenna at her veks det. Paa baee sidor av vegen stend aaker og eng sterk og frisk, frodig og follrik. Det er som gjeng me og vassar i mat. Og er det ymse som kunde og burde vore betre so stend det att paa dyrkaren si side.

Her er dette paradiset, paa eit hyrna av prestegardsjordet har huslyden Sletto bygt Solfeng, den unelege hjeimen sin. Det er ikkje noko slott, men hjelpeleg og godt. Han lyser av glede, er freda og signa. Rosor og andre blommar, raude og kvite, gule og blaa lyser og lær i sine prydelege klæde og signar arbeid, helse og lyd. – Heimen deira er velsigna med fire helsuge, gladværuge born, Eva, Randi, Bjørn og Irene som spring, hoppa, syng og lær og stundom græt, - tonefylgje i dagens strid.

Herlege eignar, gudgjevne skattar som gjev livet verd og strevet meining.

Me svallar um laust og fast, gamalt og nytt, um dauvatn, og framgang, maaltrev og maalstrid fyrr og no, um bøker og blad og bokmanns kaar i dag og i gaar!

Eg slær frampaa um me kan henda fær ei ny bok til jol.

«Eg har eit arbeid for meg nett no, som eg har havt i tankar lenge. Det kan henda boki kjem til jol, fær eg helsa», svarar han stillferdig.

Etter det Sletto skreiv i «Den 17de Mai» stundom, kunde ein tru han var ein braa, stridshuga mann; men nei, han er roleg og stillfarande og lyder gaumsamt naar andre talar.

Er der ogso denne gongen historiske emne?

«Ja». Eg fær best sagt det eg har aa segja, naar eg tek emne fraa fortidi. Men elles so vel ikkje ein forfattar sitt emne – i all visse ikkje medvite eine og aaleine. Eg kann like so godt segja, at eg er driven til aa skriva i den leid eg skriv. Men for resten – det er so lite røda um.

Det er vel helst notidi bokmennene vaare teiknar av? –

«Det har vore moten millom diktarane etter 80-90-aari, at berre notidi kann vera emne for diktverk. So det aa ta fyrrtid-emne, det er imot det grunnsynet at bokmannen einast kann skapa noko utav det som hans lekamlege augo har set og høyr. Det har vore mindre tru paa, at diktarfantasiaen kann sjaa og høyra tusen aar attende i tidi – like so klaart som du og eg no ser bjørkelunden der nede. Dei trur ikkje paa intuisjon. So det er faarleg aa ta fyrrtidsemne. Eg har ofte nok merka det. Det faarlegaste er likevel at den beste historie-dikting har fuska den vitskaplege soge-granskinga i handverket. Diktarane har meint at dei skal kunne konstruera uppatt dei gamle tider og menneske for notidi. Den diktingi er truleg mindre verdfull som dikting, og kann aldri bli objektive sanne vitnemaal um eldre tider, soleis som sakleg vitskapleg gransking kann vera det. So eg har teke støde langt burte fraa denne litteratur-art. Eg søker difor «historisk sanning» berre so mykje at eg fær eit klaart miljø og fast grunn for karakteristikken. Sidan er mennesket – sjæli alt for meg. Og ho er i det meste lik til alle tider. – Desse fyrrtidsemne er for min part det beste middel til aa vekke nokre serlege hugdrag og kjenslor i lesaren – rett nok kjenslor som ligg ovanum kvardagen og den lægste drift – kamp – men kjenslor som har rett til aa bli vekke og styrkte i eit menneske. Eg ser det meir og meir slik at venleiks-sansen og den religiøse evna er det høgste i menneskesjæli. Og difor – og etter personleg haatt ogso, sjølv sagt – apellerer eg til desse kjenslone med det eg skriv. – Forresten, eg tykkjest sjå det, at skal ein bokmann skildra og tolka det innarste inste i tidi just no – vaar eigi tid – i forenkla og fortetta form – so lyt han helst gaa attende til tidarbolknen fyre og etter Kristi byrd. Det er den tid i soga som tykkjest tolka klaarast vaar eigi tid. Men lat no det vera – Sletto lær godsleg – eg skal ikkje halda noko foredrag for deg. Men er du so stor vesold at du ikkje røykjer?

Sletto sit med pipa og puffar og røykjer jamt og samt.

-----

Um ikkje rett lenge hev eg lura meg innpaa att, og undrast paa kvi han hev stelt det erotiske problem fram i «Stefanus» som han tykkjest ha gjort. Vil han vera talsmann for reinlivnad?

«Eg vil paa ein maate gjeva eit manns-ideal – endaa eg fyrst og fremst vilde syna eit menneske.

Over heile landet hev eg møtt den aalmenne ungguttypen; det er henghovud paa ein kant, det er sportsgalningen, og so er det den njotingsgalningen, og so den kalde pengeidealisten. Men det er so lite brennande vilje aa byggja seg kroppsleg og sjeleleg fager. So liti evne til sjølvnekting og sann trening. Stefanus er manneidealet i ei tid som ligg langt attende – ei tid som var lik vaar. Og eg meiner verkeleg at mang ein ung mann i vaare dagar vilde sigra paa det um han søkte reinlivnad utan avslag t.d. til 25-aarsalderen. So langt forsvarar eg asketismen heilt ut. I det heile kjenner notidsungdomen for lite baade kroppen sin og sjæli si, og øyder sine ymse krefter som var det bekevatt».

Som det leid og gjekk kom me og inn paa maalsaki.

«Paa ein maate gjeng det storveges med maal-voksteren», segjer Sletto.

«Men set fraa ein annan synsstad gjeng det ikkje so rart. Det er ikkje liten lut av maalmennene i by og bygd som er store stakkarar. Dei let dette organet «Nationen» jaga norskmaalsbladi ut av huset sitt. Held De «Den 17de Mai»? «For bygd og by» - «Gula [Tidend] – «Norig»? Nei, segjer dei, ikkje no, «Nationen» er so dyr, maata. – Og Hamsun og Undset, dei straalar paa maalmannsbordi, medan norskmaalsbokmennene held til i boksamlingane.

Og kvifor talar maalmennene riksmaal til kvardags? Og kvifor er ofte vestlendingen verst i dette stykket? – Det har vel aldri vore so ærefullt for maalmenn aa bægja ordvalet og skrivemaaten i norsken i riksmaalslaid som nett no.

Truleg stend det meir partimakt bak maalkravet enn fyrr; men elden brenn laagare.

Samhaldet i det mindre – det som her er det store, det veiknar. So inkonsekvent det enn lyder, so trur eg, at folkedansrørsla er den som kjem til aa faa elden og modet uppatt i det unge landsmaalslæget.

Hugnad er det aa sitja i heimen til Sletto. – Husmori er noko uvanleg. Fru Sletto er stor som menneske, kjærleg og forsonleg som kvinne og mor, - I henne har Sletto ein verdfull og trugen hjelpar. Han vart sterk av aa ha ei slik kvinne med.

Daa eg segjer takk og lev vel til huslyden Sletto i Solfeng og set meg paa hjuløyken og trillar av garde, er eg sterkare i «trui». – Eg kjenner eg tek med noko verdfullt.

Ingvald Skjelderup

Den 17de mai, Oslo, 9.8.1922

## Støls- og anna liv i fjellet – i Hol for Per, på Gol for Erling. Erling Lae si lesing av Per-bøkene.



Erling Lae. Foto: Anne Kaslegard

**Erling Reidar Lae** er født i Oslo i 1947, kjent som byrådsleiar i Oslo 2000–2009 og 2. nestleiar i Høyre 2008–2010. I åra 2010–2016 var Erling Lae fylkesmann i f.d. Vestfold fylke. I 2017 vart han slått til riddar av 1. klasse av St. Olavs orden.

Våren 2018 fekk Erling Lae utfordringa med å dele si leseoppleving av Olav Slettos fire bøker om Per med publikum under Olav Sletto-dagen hausten 2018. Styreleiaren tok det for gitt at han, andre generasjons hyttehalling på Golsfjellet, hadde lese Per-bøkene. Der tok ho feil. Det sat difor noko langt inne for fjellmannen Lae å påta seg utfordringa Olav Sletto-selskapet ga han. Hva skal jeg si? undra han. Oppdragsgivaren var ordknapp. Ho var redd ho kunne koma til å påvirke den gode leseopplevinga ho visste hyttegolin-gen ville få.

Erling Lae sitt foredrag er gitt att etter talaren sitt eige manus – og med hans samtykke.

Kjære Slettovenner!

Det var på vårparten Eva [Almhjell, styreleiar i Olav Sletto-selskapet] tok kontakt og lurte på om jeg kunne innlede her på Sletto-seminaret. Jeg dro på det.

- Hva skulle jeg snakke om, sa jeg.
- Ta utgangspunkt i din egen barndom på stølen og som bygutt i fjellet om sommeren, sa hun. Det var jo ditt rike som du aldri har gitt slipp på.

Men så grep jeg til unnskyldningen om at datoen slett ikke passet, for da skulle vi feire 160-årsdagen til min bror og hans kone som begge ble 80.

- Greit, sa Eva, da flytter vi arrangementet en uke.

Og dermed hadde jeg tråkket rett i fella.

Jeg har ikke lenger bøkene om Røgnaldfolket. Disse leste jeg for ca. 50 år siden, men de må ha forsvunnet under en eller annen flytting i årtiene etterpå. Og minnet om bøkene er vage.

- Du skal ta utgangspunkt i Per-bøkene, sa Eva, og så kan du tenke litt rundt egen oppvekst. Jeg skal skaffe dem, så møtes vi i vestibylen på Det Norske Teateret, slik at du får dem.

Og der møttes vi i mai/juni en gang. Fortsatt var det en hel sommer før det ble høst, oktober, og seminar. Selv er jeg kanskje ikke alene om å utsette det som føles som en plikt. Da gjør jeg heller alt mulig annet som faller seg.

Jeg møtte Eva utenfor Ødegård i Ål da sommeren var blitt august. Jeg har i årevis lurt på dette med bunad. Selv kommer jeg fra en bunadsløs familie uten slektsrøtter med bygdeklær. Eneste forfar som levde en stor del av livet i Hallingdal var presten Bøyesen, som ble mer beryktet enn berømt. Men vi har nå holdt til inne på flatåsen i Gol i over hundre år i ferie og fritid. Mange steder har jeg bodd, men bare ett sted har vært det faste punktet. Det var Kamben. Da skolen begynte etter en lang togtur, var det gode liv



over. Siste glimt av høyfjellet forsvant før Haverstigtunnelen. Deretter var det tunge granlier og rødkoller på engene på andre siden, og så passerte vi Kjelsås stasjon og dampet ned i Oslogryta, med grå hus og neonreklame og snart var det skole og lekser i en klasse på 29 elever på en skole med 750 andre, og overgangen til hverdagslivet ble dempet ved å feste fire postkort på veggen med motiv fra sommerens stølsliv og steder. Jeg kjente noe av den samme tomheten da jeg var ferdig med Per-bøkene. Men de forteller jo om en barndom svært ulik min egen. Vi var fra først av 6 barn og både mor og far.

Men lengslene gjorde at jeg fikk Boka om Gol da den kom ut i 1961, og så ble det både Ål bygdesoga og fremfor alt Folk og fortid i Hol, som er og blir mesterverket av alle bygdebøker. Og derfor skjønnte jeg at klokkeren som var lærer på skolen der Per begynner et år for sent – siden han ble skremt fra å begynne av slåttekaren Sindre som ikke selv behersket lesekunsten – at denne læreren Sigurd Reinton<sup>1</sup>, åpenbart like god som lærer som han var kulturhøvding og ordfører i den kulturelle og politiske oppvåkningen og brytningstiden på 1800-tallets slutt. Men denne forhistorien er blant annet en forklaring på hvorfor jeg lurte på dette med bunad hos Ødegård, og møtte Eva, som lurte på hvordan det gikk, kom med et godt råd om å komme i gang, men som jeg glemte.

Men så begynte kveldene å bli mørke, det var ikke mulig å bortforklare at det var høst, og de første snøfallene kom på Kamben. Det skal komme syv før snøen legger seg, har jeg hørt. Hittil har det kommet seks. Og jeg begynte å lese.

Jeg angret på at jeg ikke startet før. Og så ble jeg fanget. Allerede i åpningen av Per Spegil. Per med kjolen på tunet. I en verden så ulik den jeg selv hadde som treåring som vel mulig i en bygate på Bislet, men også da jeg stabbet rundt på vollen på Kamben om sommeren. Men alle tre-fireåringer har opplevd skyggen som følger. De har sett lyset brått bli borte med solen, og sett at det ennå skinner på huset lenger oppe og til sist på Kambenuten før alt blir grått. Og de har fornemmet en ukjent verden bortenfor det trygge og nære og at en selv er liten i noe større. Og slik var det også på Kamben, der solen gikk ned bak Kambe-fjellet som kastet en skygge som vokste over Tretteskogene og Nystølsfjellet som skinte gyldent til også det gikk fra gyldent til grått. Eller i en bygate, der solen ennå lyste og spilte i ukjente vinduer i 3. etasje oppe i gaten, mens gateplanet var blitt hustrig og det var tid å komme seg inn der det var lunt og trygt.

Både bind 1 og 2 fanger meg som leser, men det var bind 3, Per Stavlang, som hypnotiserte.

Jeg kom altså i gang med lesingen, og det ble vanskelig å legge bøkene fra seg, også da det var blitt helt stille i gatene på St. Hanshaugen. Og på Golsfjellet, for jeg dro med bøkene dit også, og satt og leste ved glørne på peisen.

Jeg hadde laget noen motforestillinger før jeg startet. Heimstadlitteratur er jeg ferdig med, tenkte jeg. Dessuten har jeg jobbet en del med å erkjenne at det er fint å vokse opp i by, også, og at det også er et sted. For da jeg gikk på skolen, var vi nok flere som hadde forestilling av at Oslo var ikke et sted, så vi kom ikke fra noe, og vi snakket sånn som i boken, så vi hadde jo ingen dialekt helle. (Noen så visst dette som så mye finere, og jeg har lest at dette særlig gikk ut over nordlendinger, - det siste så jeg aldri – kanskje fordi jeg ikke så det som ikke rammet meg selv). Men for mange av oss, ga det en følelse av å mangle en identitet, og egentlig ikke høre til. I voksenalder har jeg jo sett hvor tulle og feil dette er. Alle hører til. Der de er. Ikke der foreldrene kom fra, men der de selv vokser opp. Der blir det røtter. Og mine røtter er altså både Oslo og Golingsåsen (eller Golsfjellet som turistnæringen har døpt det til, enda området er en ås, Langåsen. Golsfjellet Aust står det på et skilt langt nede i tjukke skogen på Brautemo. Men det kunne vært verre. Hadde noen funnet på en lokal merkevare nå, hadde det vel blitt Destination Gol eller noe lignende).

Men det var i yngre dager, det, at jeg flådde gjennom enhver bok av Mikkjel Fønhus, svermet for det opprinnelige og enkle liv, og i tenårene oppsøkte steder og plasser innover fra Bagn, Begnadalen og Vassfaret, som hadde fått dårlig kamuflerte navn i bøkene hans. Etter at jeg ble godt voksen, leser jeg ikke

<sup>1</sup> Dette navnet er ofte forkorta S. Reinton. S-en står for Sjugurd, men folk flest trur det er ei avstyting for Sigurd. Kvifor han skreiv seg S. Reinton, og ikkje heile fyrinamnet, har eg ikkje funne nokon forklaring på.

bøkene på samme måte lenger. Dessuten er jeg blitt pysete og liker dårlig å lese om dyr som lider eller jages, men jeg har også fått et slags filter som gjør at bøkene ikke river meg med på samme måte lenger. Trodde jeg.

Men så startet lesingen av Per-bøkene, og jeg fikk et tilbakefall. Ikke til raden av bøker av Mikkjel Fønhus, men til heimstaddlitteraturen. For selv om Fønhus er en heimstaddikter som er langt mer lest enn Sletto, er det ingen av Mikkjel Fønhus' romaner som når opp til Per-bøkene. Fønhus vet godt hvilken villmarksromantikk som slo an i en byleilighet før og etter krigen. Men det er vel egentlig ikke hjemstedet eller stedet som er det viktige, verken hos Fønhus eller Sletto. Fønhus, som stedfestet handlingen – det at han lar folk sørfra snakke Begnadalsmål og nordfra Valdresmål, slik at handlingen må være lagt omtrent til Hølera for de som er lokalkjent i nabodalføret. Og hos Sletto må handlingen nødvendigvis være lagt til Hol for den som kjenner hallingmålet tolig bra. Altså er det ikke hjemstedet eller stedet som er det viktige hos disse to forfatterne. Nei, det er det allmenne som gjør fremstillingen til litteratur som også river den leseren med som isteden har referanse til Golsfjellet Aust, som det står på skiltet til Statens Vegvesen. Per-bøkene gir oss barnets og guttungens verden, øverst i en grend opp fra Hol, i Sletto ovenfor Rue, men formidlet gjennom Per som smågutt, som 8-åring, som 9-åring og så i konfirmasjonsalderen, og på en måte som alle kan speile seg i. Det er derfor dette blir litteratur og ikke en minnebok.

Da jeg leste første boken tenkte jeg nok noen ganger på meningen i neste innledning, -. Det store i det små og hverdagslige <sup>2</sup>. Tilsynelatende kunne handlingen i de to første bøkene beskrives som hverdagens hendelser med alle sine trivialiteter. Likevel drar forfatteren leseren med seg. Det er barnets øyne som ser, og som vi ser gjennom, og barnets ører som hører, og barnet som oppfatter, forstørker og skjønner intuitivt, slik at leseren gjør det samme. Og barneøynene gir oss en kombinasjon av naken realisme og eventyr i fremstillingen av syke og helg som kommer og går. Det hverdagslige er jo så utførlig beskrevet, at du vet hvordan det var å vokse opp på en gard på slutten av 1800-tallet før det store hamskiftet i jordbruk og bygdeliv da Bergensbanen brakte en ny tid til dalen.

Er forholdet hjemme i Sletto vel idyllisk? De to besteforeldrene er jo beskrevet med en varme som gjør dem til enestående i sin evne til å skape harmoni, gi gutten frihet, men med rammer som fører ham mot voksenverdenen.

Jeg har lest at Olav Sletto reagerte på de små forholdene besteforeldrene senere levde under, og at han ikke kom i noen av besteforeldrenes begravelse. Det er vanskelig å skjønne det syn fra bøkene. I fremstillingen øyner vi også en kunstnernatur med fantasi og evner som sprenger rammene han vokste opp med.

Eller er det jeg – leseren – som går for langt i å identifisere Per med forfatteren Olav? Vi møter jo tross alt en oppdiktet person, men med samme bakgrunn som forfatteren – en mor som ikke finnes og to besteforeldre trygt plassert på gården høyt oppe i lia.. Eller er det forfatteren selv som sprenger skjemaet og beveger seg lang vei bort fra utgangspunktet? Og om forfatterskapet må det være lov å mene at den lange ferden fra debutromanen inntil han vendte hjem i Per-bøkene, var en lite fruktbar omvei, og denne omveien har fått prege oppfatningen av Olav Sletto, slik at han kanskje ikke har fått den plass i litteraturhistorien som han kunne fått.

Igjen er det fristende å sammenligne med forfatteren i nabodalføret, Mikkjel Fønhus, som egentlig aldri utviklet seg, og som i de sparsomme menneskeskildringene han hadde, er langt mer skjematisk i persongalleriet enn Sletto, men fant sin nisje og sitt trygge levebrød innenfor en fast sjanger. Olav Sletto var jo som forfatter i to verdener. Han vandret lenge i en filosofisk og religionshistorisk verden, og uten særlig suksess. En kan jo nesten undre seg litt over at han ikke så klarere at han var i en fremmed verden andre behersket bedre. Men en kan jo også si at han var barn av sin tid. I mellomkrigstiden var det en overflod av kvasireligiøs psykologiserende litteratur. Nesten alle hadde vært innom en slags metafysisk grille,

2 Det Erling Lae her viser til, er tittelen på neste foredrag: «Det store i det små» - om brevskrivaren Olav Sletto, som professor Jørn Øyrehaugen Sunde ved Universitetet i Bergen heldt.

med alt fra spiritisme til religiøs grubling. Men det var jo da han vendte hjem til røttene og den verden han kjente, og behersket, at det ble litteratur for et langt bredere publikum.

Og der Valdres-forfatteren lever seg inn i dyr, og blir villmarkens og villdyrenes forsvarende, så går Sletto mye lenger og dypere.

I Per-bøkene veves dyr og mennesker sammen i et slags skjebnefellesskap, og skildringen av dyrene i bind 3 oppe på Helgeset, fargelegger og beskriver menneskene. Og det er både humor, varme og tragedie i disse skildringene. Gullros, med det milde blikket, bukkene Labanson og Kviteberren som stanger hverandre til døde siden de ikke greier å slutte å hate, og fortellingen inne i romanen om Svarteboten, - og for å ta et riss av historien bare, - Svarteboten er storoksen på Sjøpåtølen som er vanskelig for alle å håndtere. Guttungen Hølgi hisser den opp mot Storedundra, som til gjengjeld er den ene som greier å temme oxen, men knytter den til seg, slik at den ikke vil slippe henne av syne, vandrer etter og blir stående ved leet og stirre, dag etter dag, ser på Per som en konkurrent som må snike seg usett ut, og som etter hvert presser seg på og vil gjennom leet og inn. Og må bort.

Og det tause dyret får juling av Storedundra med staur og pisk, til det bryter frem en stille, hes lyd. Svarteboten gråter. Da brister det for Storedundra, der oxen snur rundt og vandrer ensom inn mot fjellet og vi gjennom Per fornemmer to tragedier. Oksen blir symbolet på den store ensomheten, men er til fare for alt og alle, og blir til sist skutt med sekk over hodet da fire mann skulle få den hjem. Men like mye aner vi Storedundras tragedie, hun passer ikke helt inn. Hun er det trygge midtpunktet, men med stemme som en kar og hun ble engang sveket av Asle som dro til Amerkia. Derfra får hun dødsbudskapet, men vi aner også noe om et dødfødt barn, og Storedundra vil som Svarteboten vandre ensom videre. En gang i boken foran, Per Sjø, ser Per henne gjennom dørsprekken danse med stolen til springartakten når de andre er i bryllupslaget.

Persongalleriet er vel hentet fra Olav Slettos oppvekst. Kanskje gjelder det både Sindre som ikke kunne lese, men som hjalp til i slåtten, Stor-Ola som la ut om Korahs børn i bibelen og hjalp til i slaktingen, men fikk Per til å lese i skriften for å finne ut mer – og dermed kanskje la noe av grunnlaget for den store litterære omveien Olav Sletto tok gjennom religiøse og filosofiske tanker før han vendte hjem, og vi har Sevat Nistugun som skrev alle Amerika-brev og hjalp bestemor med å så frø som skulle bli til blomster i et bed nedenfor gjerdet. Han hadde så lys stemme, Sevat Nistugun, og du aner en person som var noe man ikke hadde begrep på, men som også fylte en rolle i grenden.

Men Galne-Ambjør hadde hatt det bedre nå, og sluppet å være innesperret i mangel av noen annen måte å beskytte henne mot seg selv og andre. Men også skildringen om møtet mellom henne og guttungen Per oppe ved alteret han har bygd i all hemmelighet, er en beretning som både gir mystikk og innsikt.

Både når man leser Sletto og Olav Duun og andre heimstaddiktere, kan man stundom undres på om det var større rom for originalen og de snurrige personlighetene i det gamle bygdesamfunnet enn i vår verden. Vi forestiller oss at vi er mer åpne for mangfold enn noen gang. Tja, mon det. Visst er vi det på noen områder, i alle fall når det gjelder kulturelle ytringer, men det er nok like mye slik at det vi nå aksepterer at annerledeshet er noen andre ting enn de aksepterte før.

De vi før kalte bygdeoriginaler er det vel neppe rom for i dag, og ville i beste fall vært sendt med resept til apoteket. Det vi aksepterer av annerledes atferd, er ikke nødvendigvis blitt romsligere, det er bare blitt annerledes. Hemsedal historielag har utgitt en bok som heter Løglege skruvar i Hemsedal. Det hadde ikke vært rom for disse skruene på Bislet. Så mye vet jeg. Folk kan være som de vil, og bo sammen med hvem de vil, og gjerne ha hijab. Men du må beherske den urbane koden. Du kan godt være litt annerledes, men du må ikke være rar.

Mye selvbiografi, er det også dikt. Gården hjemme hos bestefar og bestemor er Sletto – beskrivelsen passer best på kartet. Stedsnavn er bare forsiktig omskrevet. Kambenuten er vel Slettokamben på kartet til Statens kartverk. Beitet oppe i Venelio er vel Venevollene, og Olset er vel kanskje Oleinset. Jeg liker å vandre på kartet, som dere skjønner.

Jeg har ikke tatt dypdykk i personlighetene i boken, men spelemann Tor, som sammen med gjestebodsliden som kommer innom Sletto og som prater annerledes enn andre, er ganske sikkert Tor Grimsrud fra Nes som sier mikji istedenfor mykji som annet folk. Han spiller både Per og leseren inn i ekstasen. Men hvor er egentlig Helgeset og Sjøpåtølen. Jeg lurte litt på Sørstølen rett søraust opp for Sletto, men Helgesetstølen ligger jo i virkelighetens verden lenger vest, eller nord, som de sa, opp for Sør-Hovet. Nedenfor Helgeset ligger jo dessuten Damtjødne. Det stedet passer godt til beskrivelsen av støl, landskap, fiskevann og hendelser i Per Stavlang.

Det er å grave seg ned i slike mulige fakta og steder er vel å spore litt av, for handlingen gir det samme uten at man skal finne ut hvor stølen egentlig lå. Det er jo en roman, men artig skulle det likevel være å vite hvor Olav Sletto selv gjette på heimstølen på forsommeren da han var 9 år.

(Jeg har bare selv et oppheng slik. I mine guttedager, var vel en 12-13 år, kanskje, leste jeg to middelmådige bøker om Villandsætten av en forfatter som hette Lalli Knudsen, og som manglet noen grunnleggende kunnskaper om sted og tid. Men bøkene fanget meg slik at jeg ville se utsikten hun beskrev fra Villand og tok sykkel, trillet ned til riksveien og tråkket opp de seige bakkene forbi Torpo og videre mot Sundre, og aller verst var det opp fra Kleivi forbi Slettemoen til Hagafoss. Ved Hol gamle kirke gikk jeg lei og snudde. Hadde jeg bare visst hvor lett det var å sykle ned til Gol igjen, hadde jeg ikke snudd. Det var da jeg lærte at man aldri må snu før man er fremme).

Men for selve handlingen er ikke dette med faktiske og oppdiktete steder så avgjørende. Sletto maler frem natur, trær, vann, buskap, hus og mennesker så man er der. Ja, så sterkt, at når han i slutten av boken beskriver Helgeset når Per går alene tilbake mot Sletto etter at både Storeundra, dyrene, Turi og Hølgi og ungflokken Sjøpåtølen har reist, da føles stedet, også for leseren, så inderlig forlatt. Omtrent som når en kommer til en halvt gjengrodd støl, der fjøset kneler, det er spikret fjeler foran vinduet, og brisk og vier gror innover vollen. Jeg har noen slike steder i de veiløse strekningene på Søråsen i Gol over mot Nes Austmark. Her blir det alltid vemodig, og en forsøker å gi stedet liv i tankene ved å se for seg folk og dyr som engang fylte stølen, og høre rop og bjelleskrammel.

Det som gjør bøkene så autentiske og stedbundne er språket. Alle sitater er på halling, ikke åling eller goling, men holing.

Det er kanskje meningsløst og begynne å rangere bøkene, men jeg holder nok en knapp på en og tre. Per Spegil med årene fra 3-4 til 7 og 8-9-åringen i tredje bind og første året som gjetergutt. Men også skolegutt i 2. bind er fin og har sine høydepunkter, både er han hos hårklipperen Pål, som kan fortelle at når han er blitt 25, da får en det slik at man bare er nødt til å slåss. (Det minner meg litt om det første fesjøet som ble holdt i Valle i Setesdal i 1870-årene. Jeg leste at der tok noen med seg kyrne med størst horn, for de regnet med at først skulle kyrne stanges, og så var det den som vant kampen som fikk premie. Ett er den varme skildringen av læreren, som nevnt klokker Sigurd Reinton, som jo var en stor personlighet. Og vi har en rekke andre. Men gjennom alle bøkene er bestefar og bestemor i bakgrunnen og uvanlig kloke.

Var det virkelig så harmonisk? På den annen side er det helt greit å lese om to oppdragere som ikke ga barna nevroses og komplekser, og som slipper å unngjelde for barnas egne dumheter. Her beskrives to kloke og varme mennesker som både kunne forstå barnet og ga frihet og vilkårsløs omsorg. De finnes jo, de også.

Bestemor sier et sted at de bor i beste grenden i verden. Stundom er harmonien så sterk at en kan undres litt. Eller kanskje var det rett og slett slik? Min erfaring fra 50-tallet og litt inn på 60-tallet var en grend i dyp splittelse. Granner på gardsbruk, var granner på heimstøler og langstøler, så spliden fulgte dem. Den gjaldt et bedehus. Skulle det utbedres eller erstattes av et nytt sekulært forsamlingshus. Folk kunne ikke snakke med hverandre noen år. Og det var andre ting i andre grender. Men kanskje var det tilfeldig. Det



er fred og vennskap nå, men så kan det til gjengjeld knappst snakkes om noe grendefellesskap, siden arbeidsplassen er et annet sted.

Jeg har ikke nevnt den fjerde boken, Per Spelmann, på vei inn i konfirmasjonsalder. Det starter der 13-åringene møtes på isen og er i forvandling fra barn til noe annet, og boken avsluttes i voksenverdenen. Kanskje hadde jeg litt liten tid til den boken, men tid nok til å bli fanget, ikke minst i starten, der Anne, Sigrid og Per møtes i lek og gryende alvor på isen, og Per lærer seg spelemannskunsten i hemmelighet.

Men som i bindet Per Sjøl, hopper handlingen litt mer fra tue til tue, uten at dette i og for seg er noen stor innvending, men selv måtte jeg av og til ta en liten stopp for å henge med i skifter fra ett sted til et annet både i tid og rom.

Men likevel, les også denne boken!

Selv er jeg med i en liten litteraturgruppe. Siden tre av de fem i gruppen er i full jobb, er det uaktuelt å lese alle fire bind, men selv har jeg tenkt å mase meg til at vi leser og prater rundt bind 3, Per Stavlang. Jeg vet at jeg må slite litt for å få de andre til å godta en forfatter fra første halvdel av 1900-tallet, som de ikke har hørt om, men jeg skal være sta, og det bør nok gå, siden en av deltakerne i gruppen hvert år er avløser i to uker på Krosstølen i Hemsedal, hvor han er ansvarlig for driften, og en har bodd og jobbet i Hovet i mange år.

Hvorfor vil jeg dette? Og hvorfor akkurat dette bindet? Jeg er rett og slett nysgjerrig på hvorfor jeg tok såpass av i lesingen av Per Stavlang. Det har ingen ting med barndomsminner å gjøre, for stølslivet på Kamben med melkebil som kjørte spannene til meieriet fire ganger i uken har lite til felles med stølslivet på Helgeset i 1890-årene. Forskjellen mellom Per Stavlangs tid som gjeter og min tid som fjøsgutt på slutten av 50- og begynnelsen av 60-tallet, der min jobb var å binde inn, vaske spener, ha mel i kjørelene i båsen og sile melken i spannet, var som forskjellen mellom min barndom og dagens fellesfjøs i Kamben beitelag med melkerobot, og en ansatt fra Lativa.

Nei, det må være Slettos fortellerevne, bildebruk og forfatterskap som gjør det. Og noe jeg ikke helt vet hvorfor. Da jeg leste romanen inne i romanen om Svarteboten og Storedundra, og etter en stund la boken ferdiglest fra meg på nattbordet, var inntrykkene så sterke at det ble vanskelig å sovne. Da søvnen tok meg, våknet jeg kort etter av en marerittlignende drøm om at hunden min lot seg drukne og jeg kunne ikke hindre det. Og jeg famlet ut i mørket, ga hunden en godbit, og klødde han bak øret før jeg la meg og sovnet igjen, men fortsatt med bildet av drømmen, men mest Svarteboten, Storedundra, Labanson og Kviteberren i snøstormen hvor de måtte søke ly med dyra nattetid nede under berget.

Det var på en måte som boken en tid skrapte bort et lenge opparbeidet filter mot sterke følelser og slitsom innlevelse i andres lidelse for en stund. Det har noe med fortellerkunsten å gjøre og med billedbruken som kanskje er såpass uventet at den røsker tak i leseren. Jeg vet ikke helt, men jeg vil finne det ut. Eller var det bare en suggererende fortelling som dessverre er over.

La meg runde av. Når man selv har lest noe bra, vil man gjerne dele med andre og håpe at mange vil oppleve det samme. Når det gjelder Sletto, velger jeg likevel å være bekymret realist. For oss som ennå kjenner ord og uttrykk i det gamle landbruket, og som dessuten er oppvokst med hallingmål og tradisjonell nynorsk, er språket i bøkene med på å gi bøkene farge og dybde. For Sletto er en mesterlig stilist og en ordkunstner. Men i en tid da ord som ljà og beite er fremmedord, landbruksministeren ikke vet at det er fire spener på et jur og dialektene er i oppløsning og ordbruken i rask endring, så vil kanskje språket etter hvert bli en barriere? Det er lite å gjøre med det. Litt kan nok rettskrivingen moderniseres, slik at ord ikke leses feil, men å finne nye og mer forståelige ord enn forfatterens egne, blir helt feil. Bøkens styrke er den språklige rikdommen og den sikre stilen, men språket kan nok for den generasjonen bli et stengsel. Hvis jeg skal være litt pessimistisk.



Og her skjer ting veldig fort. Der jeg bor, er det for øvrig snart ikke et butikkskilt på norsk. Alt står på engelsk. Closed, står det på klesbutikken som er stengt mens det bygges om. Men akkurat den toskeskapen bør man reagere på, før det er for sent. Men at ord endrer seg i takt med endringene i levemåte, er noe annet.

Med en siste referanse til Storendra, Sevat Nistugun og de mange andre litt pussige originalene som kanskje også var i utkanten av den tidens normer, må jeg avslutte med en liten episode for noen år siden. Jeg pleier noen dager hver sommer å gå litt til hånde både i fjøset og med annet hos han jeg nevnte som avløser i Hemsedal.

Så innser jeg at det kan virke litt pussig at en tidligere byrådsleder i hovedstaden og daværende byråkrat i staten har skaffet seg håndbok i bruk av melkemaske og koker prim hver sommer. TV Norge fikk snusen i det og laget et innslag derfra i et ferieprogram og spurte gamlebonden Kjell Snerte hva mor hans ville sagt om primkokingen. Nei, hun ville ledd seg fordervet, sa han. To menn stelle fjøset og koke prim? Nei, det var over alle grenser.

Så – hadde personene i Per-bøkene sett 120 år frem i tid, ville de vel kanskje ment at vi er noen steike rare originaler noen hver av oss.

## Bondens sjælsliv.

Foredrag Gjeilo 25. sept. 1921 (datoen vanskeleg å tyde).

Olav Sletto.

I denne tala syner Olav Sletto korleis han forstår samfunnet han lever i. Han definerer tida som ei krisetid, og set sin lit til at redninga frå det moderne samfunnet med industrialisering, flukt frå bygdene, sedløyse osv. ligg hjå bonden. «...bondestandet er noko for seg sjølv, ikkje berre sosialt og i arbeidet, men i kultur og sjælsliv – og er i mangt ein motsetnad til moderne kulturliv», seier han, men då må bonden skjønne sitt samfunnsoppdrag. «Ein daadskraftig frammarsch av bonden som bonde, det er bergingi i denne krisetidi», formanar Olav Sletto. Og bonden skal få hjelp frå folkehøgskulen, for «her er det at folkehøgskulen har si gjerning og som er sett til aa verke». Han skisserer folkehøgskulen sitt program og konkluderer slik: «Alt i alt maa me segja at folkehøgskulen vil vekkje og halde vakt – aandeleg ... og nasjonalt liv i det norske bondefolket» og «Norsk ungdom i dag maa leidast heimatt til far og mor, fedrelandet, heimatt til Gud. So kvar einskild naar eit fagert personleg liv».

Ein kan også si det slik: Målmannen Olav Sletto var del av det Stein Rokkan kallar den motkulturelle rørsla med brodd mot hovudstadsdominansen i kulturlivet, og han ville ha ei folkehøgskule som støtta denne rørsla. Som i liv og samliv, som i si diktning, og sitt virke som folkehøgskulemann, husa Olav Sletto store draumar. Ikkje alt vart som han drøymde.

Eva Almhjell har transkribert foredraget.

Den norske bonden har i sitt sjælsliv forvandla seg sterkt dei siste 50-60 aar i vaar saga. Og denne forvaandling har faat bondestandet ut i ein indre krise som ikkje er ufaarleg. Denne forvandling - - er emne for [det] Arne Garborg fortalde, at han eingong hadde vore med i eit gjestebod i Aal. Han hadde der lagt merke til at Hallingdal hadde ein mykje formstreng bondekultur. Det var noko høgtideleg i folks maate aa vera paa. Men det mest sermerkte laag i samtalekunsti. Han vilde segja at Hallingdal hadde skapt seg ei samtaleform, ein samtalemaate som var frugt av ein gamal og rik norsk kultur.

So langt gjekk Garborg, han tala um ein formstreng bondekultur, ein sermerkt kultur millom bøndene her i Hallingdal.

Det same vitnemaal gav ei dame fraa Kristiania – paa sin maate. Mor og dotter, som laag ein sumar i Gol. Dei reiste med toget over til Fleischers Hotel paa Voss. I same kupéen sat ein mann fraa Torpo kring 50 aars alderen og eg. Og me dreiv svall. Dei hadde set so mange underlege skikkar i H[allingdal] sa dei: Folks maate aa spørja og svara paa, moroe seg paa var fremmand, folks tankegang var fremmand for deim. Men so glade som folk var i Gol, sa den eldre frua. Men vitsar kunde gutane i Gol ikkje segja, sa den yngre – dei kunde berre skjemte.

Dei sa det som sant var. Me skynar at dei tvo hadde møtt bondekultur som ikkje ligg nær moderne Kristiania-kultur i dag. Dei hadde møtt dette meir langsame tempo som jorddyrkande folk har i alle land. Denne ro. Det tilbakehaldne, våre. Det tolmodige som fylgjer med aa saa og so hauste.

s. 2

Dei hadde med andre ord møtt noko av det fyrste ein jamt legg merke til hjaa bøndene – det som skil han ut fraa moderne kultur og overkultur.

Livet i jordbrukande bygder gaar seinare. Garden føder sin mann og hans huslyd – ikkje for rikt, det maa arbeid til, men heller ikkje so snautt at det er vonlaus fatigdom. Det jamne rolege arbeid dreg mest. Alt maa ha si tid. Aaret maa gaa sin gang. Naturo skal lata sine gaavor mogne, og naturo er ikkje nervøs, ho hastar ikkje. Bonden maa arbeide og det kjem for ein til aa tru og vente. Paa denne maaten kjem det seinare tempo. Denne store ro. Og dette er godt. Storbyen med sitt fabrikkliv, hovudslit, kontorliv, selskap- og moroliv og nattevake driv folket inn i eit jagande tempo – inn i rein fortæring av krefter, baade kroppslege og moralske krefter. Moderne bykultur det er so det øyder menneske upp. Medan bondelivet med si jamnare ro sankar upp i den einskilde forraad av lekamleg og aandeleg kraft.

Det er ogso sant at bondens sed og skikk og tankegang kan vera fremman for eit moderne bymenneske. Bonden veks liksom i lag med staden der han har sin gard. Og han er bindeledet med eldre tider, han er berar av tradisjonen fraa eldre slegter. Og han er berar av folkets sterkaste instinkt. So han blei noko sein i aa ta alle nye framsteg. Han mistrur gjerne det

s. 3

nye – alt maa røynast mange gonger før han trur paa det. Og han elsker det gamle, der han har si rot. For med dei aller fleste bondeætter er det slik, at dei har butt i same bygdelag i aartusen. Den historiske samheng ligg i deim.

Det er naturleg at ikkje bymannen skynar bonden so med eitt, at bonden ikkje trur bymannen. For bymannen er lite instiktmenneske – han er tankeskarp og gløgg. Bymannen er utaalmodig og uroleg. Og har ikkje vakse fast der han bur, han har liksom ikkje ætt bak seg. Og han basar paa liksom med fulle krefter ustansleg – har ikkje evne til maatehald og atterhald. Hefter so ved det ytre – bonden um det varige og stadbundne. So meiner bonden at bymannen er overflatisk og lettlyndt. Og bymannen finn bonden tung og daud og kald.

Nok av det. Me kann etter dette segja, at bondestandet er noko for seg sjølv, ikkje berre sosialt og i arbeidet, men i kultur og sjælsliv – og er i mangt ein motsetnad til moderne kulturliv.

## II

Legg ein vel merke til bondestandet, finn ein at det raader noko upersonleg i det samfundslag. Det har vore eit tydeleg hang til at den eine vil vera den andre lik, eit hang til aa lyde nedervd sed og aalvorsam tankegang. Det aa ikkje vera hitt folket likt, det er ei skam millum bøndene. Det aa ha andre meiningar og synsmaatar enn dei andre, det heiter aa vera «eigen» – og det er det same som aa vera «ein skruve» – ei menneske ein ikkje kan rekne med.

s. 4

Her har bymannen (det moderne kulturmenneske), det paa annan maate. Kvar vil vera individualist i alt – ha sitt eigi syn – skilja seg ut fraa dei andre. – Bonden vil vera dei andre lik. Difor ser me at bonden i heile Hallingdal er i det store og heile av same karakter – av same stammekarakter. Difor ser me [oss] at[t i] bonden i Valdres – men [han] skil seg óg i sumt fraa oss hallingdølar, men innbyrdes er valdrisar av same stammehaatt. Gudbrandsdølen, østerdølen skil seg ut med sin stammekarakter. ...

Bondestandet samarbeider i alt aandeleg. Alle liksom gjer rett. Me ser folkediktingi – mange, mange har vore med dikta kvar liten folkevise eller eventyr. Mange har lagt til. Folkemusikken like eins, kvar einaste springlaatt me har her i Hallingdal, har alle spelemenn i dalen vore med aa skapt – fraa gamle Tovigen og fele-Jørn til Brattestad og dei mange andre. I rosemaalingi, sylvsmedarbeid, treskurd – det er dei same fargemotiv, og bilætmotiv som gaar att hjaa alle – men kvar legg noko til av sitt. Difor kann me tala um ei hallingdalsk rosemaaling, sylvsmedkunst, hallingdals kultur.

Men just i vaare dagar er det mange ting som gjer bonden si stammekjensle utrygg. Jarnvegjer fører folki i hop fraa gamalt aandsliv. Skulegang og lesing fører bonden inn i fremmand tanke og byane. Ein ser at bondeungdom lett – millom alle desse fiendar – lett tapar sitt

s. 5

serdrag, livssyn, tankar. Ei ung bondegjetne i byen? Ho tek til aa vingle. Eller ein norsk bondegut millom fabrikkarbeidarar – han misser sitt bondeinstinkt og tek proletariatet sin tankegang. – Eller mange av dei som les bladi: - tek Kristiania sin tankegang i politikk og kulturspørsmål.

Ja, ser ein vel etter, so er heile bondestandet eitt sjælsliv under forvandling. **For augneblinken er her ei krise.** Her har kome veldig forandring i bondens tankegang.

### III

a)Den ekte bondetanken var den at garden hørde ætti til. Der hadde ættled etter ættled vandra, garden hadde fødd deim – gjeve dei livsarbeid. Son etter far har stelt med garden. Den som eig garden eig ikkje garden – men garden eig han, han er bunden til garden med plikter. Han og etterkomarane. Dette er som den gamle odelstanken. Og difor er det halde for so stor ei uheppe, um garden fell ut or ætti – ætti har svikta sitt kall liksom.

No held denne kjensla paa aa døy ut. Gardane har vorte handelsvare. Dei gaar – serleg utpaa landet – fraa hand til hand i spekulasjon. Alle driv rovdrift av garden – ingen hjelper garden til aa arbeide. Og etter notids forventningsaand er det rett. Men etter gamal bondetankegang er det urett. Her ser me den gamle bondetanken er i ferd med aa døy ut paa eit mykje viktukt plan.

b)**Til garden hørde etter bondens sed mann, kone, barn og tenestfolket.** Tenestgut og tenestgjente hørde til garden – og hadde ikkje reint lite aa segja i styre og stell. Det var noko samanvakse. No gaar det meir og

s. 6

Meir over til den skikk, at tenaren skal halde seg paa kjøkenet eller i drengestugu – eta ved sitt eige bord. Dei gaar fremand. Dermed er garden kløyvt i tvo skilde folkeslag: husbondsfolk og tenarar. Og konfliktrar er det stødt.

c)**Til garden hørde krytyre.** Dei var med i huslyden. Ei kyr og ein kalv, geit, sau – alle kjende dyret baade i lag og læte. No er det mindre og mindre. Døtterne vil ikkje stelle krytyri. Det maa leigast tenarar til det. Det kostar mindre aa fara til slaktaren med kyri. Hesten fær ikkje staa paa garden og eldast ut – til han dør og fær si grav paa garden der han har slite. Sælt og kjøpt. Eller leidd til slaktaren. Bondens samliv med dyri er i ferd med aa minke svært i vaart land. Her ser me mykje av ei forvandling.

d)**Til garden hørde grannana.** Dei hadde rett til aa bli tekne med paa raad. Rett til aa gaa i huset ut og inn. Dei skulde neite [?] ved sorg og sjukeseng, og hjelpe ein soleis. Til deim hadde ein gaa. Med deim hadde ein samgjætsle, arbeidsbytte o.s.b. – Dette held no paa aa døy ut paa [dei] fleste stader i vaare bygder. Grannane ser ikkje til kvarandre anna enn naar dei blir bedne. Kvar er no berre heime i sitt liv.

**Dette tyder paa ei sta umvandling i bondelivet og i bondens sjælsliv – noko som gjer bondens liv fatigare aa leva. Men nærmar han til det moderne kultur menneske.**

### IV

s. 7

Den same forvandling inn i bondens sinn ser me ogso paa nokre andre umkverve: Det høyrer med til gamall bondekultur aa ha god tid. Eller i all visse laast som ein har det. Tid til aa kvile. Tid til aa sova um natti. Naar ein gaar erend, gjeva seg god tid til aa tala med husens folk – og so ...med same ein gaar nemne erendet sitt. – Eg hugsar endaa daa ein av grannane vilde laane staurstongi: Han sat og svalla hyggeleg i over tvo timar. So nemnde han staurstongi. – de kjenner alle ordtaket: Gjera som fanten aa gaa med same ein har ete! – Der har det aa haste faat sin harde dom. – De kjenner alle soga um Olav Haraldson: Han vitja mor si og styvfar sin paa Ringerike. Det galdt hans livssak – Norge. Og det hasta umaateleg.



Men han var der i fleire dagar før han bar fram ærendet sitt. Og endaa tykte Sigurd Syr at han var bisa paa det.

Dette aa ha god tid er ikkje berre eit drag ved ekte norsk bondekultur. Men det er eit drag ved all rett gammal og høg kultur. T.d. i den hellenske kultur syner det same seg. Det er fortalt um den trojanske krig eit hende som godt kunde vera norsk: Hellenarane kom i slik faare at det truga med død og undergang for alle i hop – det var berre ein som kunde hjelpe deim: Kjempa Akilles. Dei sende nokre vyrde menn til han i all hast. No galdt det livet for mange. – Ja, utsendingane kom til Akilles. Helste. Sette seg til aa snakke. Tok mot vin og drakk. So steikte Akilles ryggen av ein ukse, han slakta ein sau

s. 8

og steikte han paa spet over elden, han steikte ogso bogen av eit villsvin. So duka han paa bordet. Maaltidet tok til. Vert og gjester gav kvarandre høgtideleg hendene til teikn paa venskap. Let vinstaupeet gaa rundt – og so fyrst bar dei fram den ærendi at han maatte koma aa hjelpe helten, det [galdt] livet for ein heil del.

Her ser me faste former - - -

Bonden har mista all denne gode tid. Vaar tid er ei annsam tid. Og det kann vera maate med aa ha god tid. Men samstundes med det at bonden lærer aa bruke tidi heilt ut – misser evna til vera tolmodig, evna til aa setja lange maal. Det syner seg i det at bonden har ikkje tid til aa saa og hauste – han vil ha dagløn. Han vil sjaa frukti av sitt arbeid med ein gong. Og so gaar han paa vegarbeid, til fabrikk. Her er ei umvandling i bondehugen – som ei krise. Som er faarleg for bondesamhaldet. Og ein djup orsak til utvandringi fraa bygdene.

Og ein annan ting skal egn emne straks: Det høyrer bondestandet til – at det ikkje vil vise seg og stikke seg fram. Vil ikkje i det ytre [vise] kva det er i det indre. Mothug mot storhug og brauting. Mothug mot altfor stor ytre glans.

Eit eventyr av Asbjørnsen syner det spottande. Det er ikkje nokon bonde... - eventyret um guten som skulde ut aa fri. Det var smaatt i huset. Men mannen hadde faatt ei ny trøyeerm, og med den ermi for han aa dusta av stolar og krakkar. Kona hadde faatt ein ny sko, men fauk og flytta og sysla med alt som laust stod. Og dotteri hadde faatt ei ny luve – sette hovudet inn døri og sa ho kura mat

s. 9

Slikt som det aa syne oss vil ingen bondehuslyd legge i dagen. Ikkje syne seg, ikkje stikke seg fram. Versa smaalaaten. No er dette ogso iferd med aa gaa ut. Ein kann i mange mindre gode bondebygder sjaa ei sann kaping i det aa syne seg – i klede, i hus, i stas. Dette tyder paa krise. Bondesamfundet vinglar, har ikkje sine instinkt vakne, men tek skal for kjerne. Det som er notids verste sjukdom. Sviktat bondestandet oss her, daa gaar det snart gale med norsk folk.

## V

Best ser ein korleis bondestandet staar paa dei overgangar til noko nytt, um ein festar seg ved bonden si stilling til det religiøse og moralske. Her øygjer umvandlingi ....

Bonden som lever i Vaarherres natur eit friskt arbeidsliv, har til alle tider synt aa ha ans for det religiøse – sans for tru paa det aandelege som ein ikkje kann sjaa med lekamleg auga – sans for det som ligg over kvardagsrøynsla, det eventyrlege, det segnvorne, han har fantasi. Merkar ein seg mange av dei segner som gaar i bygdene um risar og troll, haugafolk og heiddomar, so finn me her denne fantasi og denne trusevne. Merkar ein mykje av det me kallar overtru – so er det trui paa aandelege krefter som naar like inn i kvardagslivet, dei tek varsel.

Alt dette tyder paa trong og evne for oversanseleg liv. Og ein ser ogso millom eldre bønder, at det er til.

s. 10

Ei gudsmakt som har skapt graset og kornet, styrer vaaren og hausten og aarstidene, og styrer menneskenes gang paa jordi. Ein leidande visdom over alt og alle. Han kjenner at dette er det heilage. Dette han ikkje ser, det er det som skal vara gjennom evige tider.

Det fell ein eldre, ekte bonde aldri inn krevja vitskaplege prov paa at denne makt er til. Og han trur ikkje paa Gud ved hjelp av nokon menneskeleg logikk. Han ventar aldri aa faa nokon uttyding her i desse ting. Gud er for bonden lyfta over alle prov – eit aksiom. Som det heiter millom vitskapsmenn. Av desse og fleire grunnar har bondestandet i alle land vore det mest religiøse stand i folket. Difor ogso mergen.

Men her paa dette umkverve er og ei umvandling aa merke. Millom bøndene i vaare dagar har snike seg inn mykje lærdom um trui paa Gud og Jesus Kristus; dei er stive teologar, nøgje paa trusreglane, paa dogmene. Dei er no snart over heile landet vel heime i den kristelege lærestrid; den dogmatiske ordkamp me kallar kyrkjestrident. Men samstundes med det er religionen meir og meir kome ut or bondens liv. Dei gamle morgonandaktar i bondeheimen, har mest døydt ut. Bordlester burte. Kveldsbøn i huslyden burte samstundes. Sundagsteksti er burte. Kyrkjegangen gløymest meir og meir ute i bygdene. Samlesongen har tagna. Bibelen er ikkje boki over alle bøker lenger. **Bondestandet held paa aa tapa mykje av sitt enkle, men varme religiøse liv.** Og samstundes tapar han mykje av

s. 11

sin sedelege fastleik. Det sedlause som byane sender ut – bondeungdomen staar ferdig til aa ta det. Njotesjuke, lyst til all slag moro, lyst til aa lata livet drive – det har stilt merkeleg makt over bondeungdomen ogso. Bondens lovlydnad – veiknar. So gaar straumen ut fraa bondebygdi, ut fraa garden til byen, til fabrikkstader, til kontorhuset.

Bondestandet held sjæleleg paa aa løysast upp – forvandlar seg til moderne kulturmenneske – tapar sin eigenart smaatt i senn, tapar sitt fond av lekamleg og aandeleg hete og styrke. Bonden som materialist staar daa att.

## VI

Spørsmålet er daa: Kann her noko bli gjort? Kva kann berge bonden? Jau, her set me vaar lit til ein nedervd sjæleleg eigenskap i bonden, den gamle stridshug som er nedervd i bondestandet. I gamle dagar fekk denne hugen utslag i slagsmaal. Heile Hallingdal runde av slagsmaal i si tid. No skal me umvandle denne slagsmaalslyst til aandskamp. Me skal kjempe for større folkedaning, kjempe for vokster av det store i bondearven. Maalet maa vera at me vil ogso som bønder fullruste inn i den nye tid. Vel vetande um at rømer me fraa gardsbruket, so vanaktast desse gamle dygder. Sankar ikkje bondestandet eit forsvar av aandeleg og lekamleg kraft og hete – so tapar heile nasjonen.

**Ein daadskraftig frammarsch av bonden som bonde, det er bergingi i denne krisetidi.**

Men her er det at folkehøgskulen har si gjerning og som er sett til aa verke. Her er det folkehøgskulen sin arbeidsmaate

s. 12

og arbeidsmidlar kjem til sin fulle rett. For det er dei som no er unge som skal vende krisa attende til frisk vokster. Og det er dei unge folkehøgskulane byggjer paa – for bonden er enno, trass all dens steilskap folkesykologisk det ein maa kalle det unge samfundslag i folket.

Norsk ungdom i dag maa leidast heimatt til far og mor, fedrelandet, heimatt til Gud. So kvar einskild naar eit fagert personleg liv.

Dette er folkehøgskulen sitt program.

Eller nøgjare sagt:

Folkehøgskulen staar i eit sers høve til det nasjonale liv, det folkelege liv i landet. For f[olkehøgskulen] er ein skule for livet og vil ha heile folket i tale. Og det tykkjest gaa fram av verdenssoga – aller mest fraa fedrelandssoga – at skal ein kunne tala um dei største aandelege ting til eit heilt folk, maa det fyrst vekkjast nasjonalt: Det maa vekkjast kjensle av samanheng millom alle samfunnslag, kjensle av samanheng millom den eine og folket, kjensla av plikt og offerkrav. Folkehøgskulen vil vekkje ungdom til nasjonalt folkeliv, til levande norske borgarar.

Folkehøgskulen staar i eit sers høve til det menneskelege kulturliv. For soga syner at mennesket har medfødt evne og trong til aa skapa seg ein kulturheim her paa jordi. Anten no denne kulturtrong fær utslag i dikting, kunst, politikk, vitskap, gransking, samfunnsforbetring, eller fine og sømelege former for

s. 13

umgang millom menneske – ein ungdom maa uppseda seg til aa kunne leva med, ta imot, og glede seg i aandelege ting. Vere borgar av sitt lands kultursamfund.

**Folkehøgskulen står i eit sers høve til det religiøse.** Baade har folkehøgskulemennene det syn at det religiøse liv i mennesket er det høgste sjælsliv. At det er ei guddomeleg aandsmakt til som er livsens kjelde. At jordelivet er ikkje nok – men at det naaast eit samliv med guddomsmakti, skal mennesket naa sin fullnad. At Gud leier sogeutviklingi etter sine lover.

**Folkehøgskulen staar og i eit visst høve til det kunstnarlege.** Fører eleven fram til det glade bodskapet um det evige liv og um det evige barnekrav med Gud – fører ogso til han som openberrar faderen: Jesus Kristus.

Alt i alt maa me segja at folkehøgskulen vil vekkje og halde vakt – aandeleg ... og nasjonalt liv i det norske bondefolket.

## «Sanddal» - ei bokmelding

I 1910 ga Olav Sletto ut «Sanddal», eit drama i fem akter, som Anders Mehlum melde. **Anders Andersson Mehlum (1848-1942)** var ein norsk bladmann og forfattar frå Skaun i Sør-Trøndelag. Mehlum tok eksamen ved Klæbu seminar og var ei tid lærar i Nordland. Sidan var han journalist i Morgenbladet i Kristiania og redaktør av Drammens Blad og Kristianiaposten. Frå 1896 til 1932 gav han ut det «originale» vekebladet *Nu*, ein publikasjon som skulle «fremme fædrelandskjærlighed, urbanitet, sandhed og ret». Her formidla han mykje «smånytt» frå tallause ferder rundt om i bygdene på Austlandet, mest frå Hallingdal. Mehlum gav ut boka *Nordlandsliv* i 1888 og sju hefte med *Hallingdal og hallingen* åra 1891-93. Han levde ugift (Wikipedia).

Arne Skogheim har transkribert bokmeldinga.

### Litteratur.

**Olav Sletto. Sanddal. Skodespel i fem Bolkar. Kristiania. Forlagt af H. Aschehoug & Co. (W.Nygaard) 1910.**

Vi skal begynde med aa slaa fast, at Olav Sletto (fra Hol) nu er Dikter, ikke bare Forfatter. Hans første Bok «*Dei Gamle*» lovde godt og var ogsaa et Dikterverk, men i sin nye Bok er han naadd mange Steg høgre op. Navnlig i Repliken er han naadd fram til virkeligt Mesterskap. Det er vel synd aa sige det paa Prent, at en pur ung Dølegut kan stilles op ved Siden aaf Henrik Ibsen som Skaper af knappe, skarpt rammende Repliker. Men nu er det sagt. Dog skal det tilføjes, at der ikke i Slettos Repliker findes de Emner til Slagord som hos Ibsen. Slettos Mesterskap i Repliken skylder han forøvrigt vistnok den Omstændighed, at han er fødd Halling. Hallingen, selv Børn, har en mærkelig og ganske enestaaende Evne til aa svare knapt og koncist. Bare ved et Tonefald kan han ofte skape en Vits.

Olav Sletto har ogsaa en lykkelig Evne til aa skape skarpt skaarne Karakterer. Ordfører Rud, Misjonær Sanddal, Fru Bjørg, Fru Bang, Dagny og Gudrun er ikke Begreper men Mennesker med Kjøt og Blod, og naar vi lægger Boken bort, kjender vi dem alle ut og ind. Handlingen er ogsaa saa spændende, at man følger Personernes Skjæpner med spændt Interesse til sidste Blad. Stykkets Bygning er fast og sikker, og vi kan ikke tru andet, end det fra Scenen vil virke likesaa kraftigt som ved Læsningen, heller kraftigere. Scenen mellem Sanddal og Fru Bang, da de finder hinanden igjen for straks aa tape hinanden paany er et Glansnummer. Dagny er ogsaa utmærket, kanske mere end de andre. Ialfald er hun efter vor Smak. Den vejke Gudrun er ogsaa utmærket, som Jaale.

Men ---. Forøvrigt støtes jeg bort af alle Tragedier. Saasnart Handlingen i et Skuespil eller en Fortælling med større eller mindre Kunst vries om til Tragedie, siger jeg Pass og er ikke længer med. Handlingen blir altid mindre naturlig, saasnart en Forfatter skal til aa vri Hovedet om paa Hønen eller paa sin Historie til Tragedie i sidste Akt. I «*Sanddal*» kommer ogsaa det ytterste tragiske uvæntet og ikke fuldt forberedt. Saa kraftige, sunde Mennesker som Sanddal og Fru Bang dør ikke af Kjærlighet – naar de ellers har aa leve af. Men jag skal ikke disputere med Forfatteren om den Ting – jeg har nu engang indgrodd Antipathi mot alle Tragedier. Men der er en Ting til. I sin forrige Bok endte Sletto med en del religiøse Floskler, som der ikke var meget Tak i. Og her kommer han igjen. Sanddal har paa en Nat faat en religiøs Klarhet, som for Læseren staar alt andet end klar, naar han lægger Boken fra sig. Det er vist noget vigtigt, Hr. Sletto vil have sagt om den religiøse Livssak. Men han maa sige det klarere, skal man faa Tak i det. Theorien synes ikke aa bringe Sanddal Lykke. Hans sidste Øjeblikke er neppe hverken lykkelige eller salige.



Hr. Slettos Landsmaal er mesterligt. For mange Aar siden skrev jeg, at skal Landsmaalet vinde, maa det tales og skrives saaledes, som det taltes i Høvdingernes Huse i Sagatiden. Slettos Sprok fylder dette Maal. Det har været mig en Nydelse aa læse et Maal, som er et modent, velformet, fornemt norsk Hof-sprok.

I det hele er «Sanddal» en litterær Begivenhet. Olav Sletto vil ikke bli saa grej aa tie i hjel. Hadde Boken været paa plattysk eller en anden utenlandsk Dialekt, vilde den straks blevet anmeldt i Aviserne.

Men da den er paa utmærket norsk – haster det ikke før i næste Aarhundrede. Og det er forøvrigt sikkert at «Sanddal» vil leve indtil da. Sletto faar være taalmodig aa vente paa Laurbærene til i 2010. Den som trur, haster ikke. Det er Vantrua som har det braattom.

**NU nr.18 – 12. April 1910.**

**Redigeret og utgivet af And. Mehlum.**

## Jenny Bertine Andersdatter Sletto – nye funn



Jenny Bertine Andersdatter Sletto.  
Foto: Hol bygdearkiv

Slektsgranskaren Anne-Grethe Syvertsen, som var med i arbeidet med boka om Anne Sletto, fann ved årskiftet 2018-19 nytt om Jenny i folketellinga frå 1891. Av den går det fram at Anne budde i Akershus, nærare bestemt på garden Stenberg i Aurskog, omkring den tida jenta («uægte datter») kom til verda, 20. januar 1891. Ho vart døypt 22. februar same året. Av Ministeralbok nr. I 8, 1878-1937, s. 97 står det m.a. at Anne «oppgav som Barnefader sin Forlovede Anders Johannesen Elverhøi». Han var tenestgut. Begge tente i Vestre Aker. Under «Anmerkninger» heiter det: «Angivet af Moderen, der oplyste, at hun i Anledning af sin Nedkomst reiste til Gaarden Tønsberg i Urskog, som hun igjen forlader efter Barnets daab». Kor ferda frå Aurskog gjekk for Anne Jensdotter Sletto, veit vi ikkje. Kanskje tok ho den nyfødte med til foreldra sine i Hol, der guten hennar, Olav, alt var? I alle fall var begge ungane til Anne i Sletto ved Folketellinga 1900. Jenny sto også skriven som tenestjente hjå Jens og Birgit Sletto i Stølslettene då ho gifta seg med Olav Sveinson Uren i 1913.

## **PROSJEKT ”DIGITALISERING AV SLETTO-ARKIVET” - avslutta i 2018.**

1. august 2018 vart det sett strek for transkriberingar frå Sletto-arkivet. Arbeidet starta før jul 2016 og omfattar fleire hundre brev og tusenvis av skanna originalsider. Originalane er skrivne av og sett saman til avskrifter som syner brevvexlinga, der begge avsendarar er å finne, som den mellom Olav og kona hans, Karin Sletto. Ellers er det brev Sletto har motteke frå kjende menn, som t.d. Arne Garborg, Alf Larsen, Kristoffer Uppdal mfl. vi har arbeidd med. Målet var å få publisert dette omfattande materialet på Olav Sletto-selskapet si heimeside – [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no), slik at det skulle bli enkelt tilgjengeleg for dei som vil nytte det til forskning og undervisning – og for den litterært interesserte ålmenta. Leiaren i Olav Sletto-selskapet rettar ein stor takk til dei som har bidratt i arbeidet med Sletto-arkivet desse åra, Margarethe L’orange, Eva-Cecilie Skaarberg og Grethe Larsgard Rudningen. Også Bjørn Furuseth, Hol bygdearkiv, skal ha takk.

Det skal også dei ha, som har støtta oss økonomisk: Sparebanken SKUE, Ål og Hol kommuner, Ål mållag og Buskerud mållag.

Vi starta prosjekt «Digitalisering av Olav Sletto-arkivet» i den tru at det var Hol kommune som eigde Sletto-arkivet, som er oppbevart i Hol Bygdearkiv, og at det var Olav Sletto-selskapet som forvalta det. Avtale mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet vart signert i denne ånd i 2016. Ved nærare etterrøkjing viser det seg at juridisk sett er det etterkomarane etter Olav Sletto som er dei rette eigarane.

Det transkriberte materialet er det den som har transkribert som eig. Bruk av dette materialet må avtalast med eigaren.

Prosjektet vart såleis avslutta utan elektronisk publisering, men mange artiklar er gjennom åra skrivne med breva som forelegg, og dei er publisert både i trykk og elektronisk form.

Prosjektleder Eva Almhjell

## Eva Almhjell



Eva Almhjell. Foto: Privat

Eva Almhjell (f. 1945), sosiolog med historie og tysk i fagskrinsen frå Universitetet i Oslo. Busett i Hovet/Hallingdal og Tønsberg. Mangeårig røynsle som journalist (m.a. fra NRK) og web-redaktør, og prosjektarbeid med demokrati-utvikling i Norge og Europa (Assembly of European Regions og Baltic Sea States Subregional Co-operation) for og saman med barn og unge.

Ho var leiar i Olav Sletto-selskapet 2012-2019, og sette søkelyset på kvinnene i Olav Slettos liv og diktning. Saman med prof. Jørn Øyrehagen Sunde skreiv ho boka "Anne Sletto – eit kvinneportrett" om mor til Olav Sletto (2015), og har publisert mange artiklar med kvinneperspektiv på m.a. Olver-sekstetten.

I 2013 ga ho ut boka «Per Gjetar», ei redigert utgave av Per Stavlang, bok tre i Per-kvartetten. Boka er rikt illustrert (Per Gjetar 2013). Begge bøkene er utgitt på forlaget Boksmia.

Transkriberingar av eit stort materiale frå Sletto-arkivet i Hol Bygdearkiv vart gjennomført i åra 2016-2018. Almhjell arbeidde med korrespondansen mellom Olav og Karin Sletto, og har publisert mange artiklar frå dette arbeidet.

Rettleiar for Olav Sletto-selskapet sitt arbeid og leiaren sin skriveprosess var professor Jørn Øyrehagen Sunde, Universitetet i Bergen.

## Dette er Olav Sletto-selskapet

Olav Sletto-selskapet er eit landsfemnande selskap av einskildpersonar, organisasjonar, skular, verksemder, institusjonar, kommunar og fylkeskommunar. Selskapet er ein sjølvstendig juridisk person, skipa 3. mars 2001 i Hol/Hallingdal.

Føremålet med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sin forfattarskap. Dette kan gjerast m.a. ved:

- å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta
- å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket
- å medverke til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta
- å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnarens liv og dikting
- å arrangera foredrag, seminar, kurs, ekskursjonar m.v
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.

## Årsplan 2019 for Olav Sletto-selskapet

### VINTER/VÅR-SLETTO

**Fredag 26. april 2019:** Årsmøte 2019 på Vika velferdssenter i Holet kl. 18 - inntil 2130.  
Vanlege årsmøtesaker og orientering om pågåande og nye prosjekt.

### HAUST-SLETTO

#### Laurdag 12. oktober: OLAV SLETTO-DAGEN 2019

Hovudtemaet er JORD – i ord og tonar. «Fjellbonden som nasjonsbyggjar – i Olav Sletto si tid og vår». Prof. Arne Bugge-Amundsen, Universitetet i Oslo og sosiolog, forleggjar og geitebonde Olav Randen, Vats, tek for seg dette emnet, høgaktuelt som det er i samtidas distriktspolitikk. Eva Almhjell gir glimt frå frå Olav Slettos liv og dikting.

Staden er Leveld Kunstnartun, og det er kunstnartunet, Ål bonde- og småbrukarlag og alle biblioteka i Hallingdal som saman med Olav Sletto-selskapet er arrangørar for Olav Sletto-dagen 2019.